



HØGSKOLEN
I BERGEN

BERGEN UNIVERSITY COLLEGE

Kriteriumbasert klinisk audit som metode for kvalitetsforbetring

Bruk av skreddarsydde implementeringstiltak for å auka andelen hjerneslagpasientar som blir kartlagt for svelgvanskar etter akutt hjerneslag

Criterion based clinical audit as a method for quality improvement

Use of tailored implementation measures to increase the proportion of stroke patients screened for dysphagia after acute stroke

Jorun Sivertsen

Master i kunnskapsbasert praksis i helsefag

Senter for kunnskapsbasert praksis

Avdeling for helse- og sosialfag

15.05.15

Kriteriumbasert klinisk audit som metode for kvalitetsforbetring

Bruk av lokalt tilpassa implementeringstiltak for å auka andelen hjerneslagpasientar som blir kartlagt for svelgvanskar etter akutt hjerneslag

Criterion based clinical audit as a method for quality improvement

Use of tailored implementation measures to increase the proportion of stroke patients screened for dysphagia after acute stroke

Jorun Sivertsen

Rettleiarar: Birgitte Espehaug og Birgitte Graverholt

15.05.15

13 788 ord

Forord

I 2011 fann Statens Helsetilsyn eit gap mellom praksis og anbefaling, i høve behandling av hjerneslagpasientar. På bakgrunn av denne systemrevisjonen vart det sett i verk tiltak for å betra praksis. Denne masteroppgåva er ei oppfylgning av dette kvalitetsforbetringsprosjekt.

Gjennom mange års klinisk erfaring som sjukepleiar og som leiar har eg sett eit behov for å auka bevisstheita og kunnskapen om korleis systematisk finne og velje ut beste tiltak for pleie og behandling. Erfaring har også vist at sjølv om me innehar naudsynt kunnskap, er det ikkje alltid at praksis og anbefalingar stemmer overeins. Gjennom dette masterstudiet har eg fått auka kunnskap og ferdigheiter i å utøva kunnskapsbasert praksis. Gjennomføring av masteroppgåva har i tillegg gjeve meg erfaring med å evaluere praksis og å sette i verk kvalitetsforbetrande tiltak.

Eg vil takka arbeidsgjevar som har gjeve meg støtte til å gjennomføra studiet, og lærarar og rettleiarar som har kome med konstruktiv kritikk og oppmuntringar gjennom heile studiet. Eg vil også få takka medstudentar, som villig har delt av sin kunnskap og gjeve støtte og oppmuntring i både opp- og nedturar. Sist men ikkje minst vil eg takka Frode, som har vore ein god støttespelar gjennom fire år og som har vist stor forståing og tolmodigheit når studiet har teke heile merksemda mi.

Voss mai 2015

Jorun Sivertsen

Samandrag

Bakgrunn: Svelgvanskar opptrer hyppig etter hjerneslag og representerer ein alvorleg risikofaktor for å utvikla lungebetennelse. Tidleg påvising av svelgvanskar kan reduserer risiko for lungebetennelse og død. Sjølv om kunnskapsbaserte retningslinjer anbefaler svelgkartlegging, vise nasjonale auditer at ikkje alle hjerneslagpasientar blir kartlagt for svelgvanskar.

Hensikta med studiet var å kartlegga om det var samsvar mellom praksis og kunnskapsbasert anbefaling om svelgkartlegging, samt å sette i verk tiltak for å betra praksis ved behov.

Metode: Me gjennomførte ein kriteriumbasert klinisk audit (KBKA), i ein liten slageining ved eit lokalsjukehus i Noreg. Pasientar med hjernebløding, hjerneinfarkt og TIA vart inkludert. Ein strykeanalyse berekna andelen inkluderer pasientar til 80 ved baseline og 35 ved re-audit. Resultatet frå baselinemålinga vart samanlikna med kunnskapsbasert kriterium, og me gav tilbakemelding om resultatet til leiinga og personalet ved avdelingar. Me kartla interessentane og deira motstand til prosjektet. For å kartlegge barrierar for implementering av svelgkartlegging gjennomførte me ein idédugnad. Det vart utført ein årsaksanalyse av barrierane. Resultat frå årsaksanalysen, samt implementeringsforskinga, gav oss grunnlag for val av kvalitetsforbetringstiltaka. Etter at forbetringstiltaka var gjennomførte, utførte me ein re-audit. Prosent og median blir presentert med 95 % konfidensintervall (KI).

Resultat: Kartlegging av interessentar viste at prosjektet hadde støtte i leiargruppa samt personalet som arbeidde med hjerneslagpasientar. Personalet som skjeldan utfører svelgkartlegging hadde størst motstand. Barrierar var knytt til personalets manglande kunnskap om svelgfunksjon og svelgkartlegging og deira haldningar til svelgkartlegging, samt til utforming av svelgkartleggingsinstrumentet og organisasjonen. Baselinemålinga (n=88) viste at 6 % hadde dokumentert bruk av svelgkartleggingsverktøy. I re-audit (n=51) hadde andelen auka til 61 %.

Konklusjon: Ein KBKA som involverer leiinga og personalet, og som bruker skreddarsydd tiltak retta mot barrierar, førte til at 55 % fleire hjerneslagpasientar vart kartlagt for svelgvanskar i re-audit, samanlikna med baselinemålinga.

Emneord: Kriteriumbasert klinisk audit, svelgkartlegging, dysfagi, svelgvanskar, hjerneslag

Abstract

Background: Dysphagia is common after stroke and represents a major risk factor for developing aspiration pneumonia. Early detection can reduce the risk of pulmonary complications and death. Despite the fact that evidence-based guidelines recommend screening for swallowing deficit using a standardized screening tool, national audit has identified a gap between practice and this recommendation.

Aim: To determine the level of compliance to an evidence-based recommendation on swallow assessment and to take actions to improve practice if necessary.

Methods: We carried out a criteria-based clinical audit (CBCA) in a small stroke unit at a Norwegian hospital. Patients with hemorrhagic stroke, ischemic stroke and transient ischemic attack were included. A power calculation informed the number of included patients at baseline (n=80) and at re-audit (n=35). We compared the baseline result with the evidence-based criteria and gave feedback to management and staff. We identified stakeholders and examined their resistance to the project. A brainstorming session, a root-cause analysis and implementation science were used to inform the quality improvement actions. We completed a re-audit after implementation. Percentages and median are reported with 95% confidence intervals (CI).

Results: A survey of stakeholders showed that the project had support in the management and the staff working with stroke patients on a daily basis. We discovered resistance among staff who seldom performed swallow screening. Barriers were related to staff's knowledge, skills and attitude and also to the screening instrument and to the organization. Among 88 cases at baseline, documentation of swallow screening was complete for 6 %. In the re-audit (n = 51), the proportion increased to 61%.

Conclusion: A CBCA involving management and staff, and using multiple tailored intervention targeting barriers, led to greater compliance with the recommendation for screening stroke patients for dysphagia.

Keywords: Criteria-based clinical audit, swallow screening, stroke, dysphagia, deglutition disorder

Innhold

Forord.....	2
Samandrag.....	3
Abstract	4
1. Innleiing	8
1.1 Formål og prosjektspørsmål.....	9
1.2 Oppbygging av oppgåva	9
2. Bakgrunn og tidlegare forskning	10
2.1 Kvalitetsforbetring.....	10
2.2 Hjerneslag og svelgvanskar	16
2.3 Implementering av retningslinjer og kunnskapsbaserte anbefalingar.....	19
3. Metode	21
3.1 Trinn 1 - Førebuing og planlegging.....	21
3.1.1 Val av forbetningsområde, formål og metode.....	21
3.1.2 Kartlegging av interessentar.....	22
3.1.3 Kunnskapsgrunnlag, kriterium og standard	23
3.1.4 Inklusjons- og eksklusjonskriterium	26
3.1.5 Framdriftsplan	26
3.1.6 Etikk.....	26
3.2 Trinn 2 - Kartlegging av dagen praksis.....	27
3.2.1 Utval og styrkeberekning	27
3.2.2 Datamateriale frå baseline måling	28
3.2.3 Auditverktøy.....	29
3.2.4 Datainnsamling.....	30

3.3	Trinn 3 – Implementering.....	30
3.3.1	Idédugnad og årsaks-verknads analyse.....	30
3.3.2	Søk etter implementeringsforskning.....	31
3.3.3	Tiltak for å endre praksis.....	32
3.4	Trinn 4 – Oppretthalde endring.....	33
4.	Resultat.....	34
5.	Drøfting.....	37
5.1	Drøfting av metode.....	37
5.1.1	Struktur, resultat og prosessmål.....	38
5.1.2	Svelgkartleggingsinstrument.....	40
5.1.3	Datamateriale.....	41
5.2	Drøfting av funn.....	44
6.	Konklusjon.....	47
6.1	Implikasjon for praksis.....	48
7.	Referanseliste.....	49
	Artikkel:	

Figurar

Figur 1	Modell for kvalitet
Figur 2	Modell for Kunnskapsbasert praksis -KBP
Figur 3	Trinna i Kunnskapsbasert praksis - KBP
Figur 4	Kunnskapspyramiden
Figur 5	Audit sirkel
Figur 6	Kartlegging av interessentar
Figur 7	Fiskebeinsdiagram /årsak-verknadsdiagram

Tabellar

Tabell 1	Kriterium og standard
----------	-----------------------

Vedlegg

Vedlegg I	Litteraturliste og svalgkartlegging etter hjerneslag
Vedlegg II	Svalgkartleggingsskjema
Vedlegg III	Kvalitets konsekvensanalyse
Vedlegg IV	AGREE II vurdering
Vedlegg V	Framdriftsplan KBKA
Vedlegg VI	Godkjenning frå personvernombodet i Helse Bergen
Vedlegg VII	Innhaldsvalidering datainnsamlingsverktøy
Vedlegg VIII	Pilotering, auditverktøy
Vedlegg IX	Auditverktøy
Vedlegg X	Rettleiar auditverktøy
Vedlegg XI	PIO implementering
Vedlegg XII	Implementeringsplan
Vedlegg XIII	Opplæringsprogram

1. Innleiing

I fylgje Verdas Helse Organisasjon (WHO) si «grunnlov» er retten til helse av høgast mogleg standard, ein menneskerett. Dette inneberer tilgang til helsetenester til rett tid, at tenestene er akseptable, rimelege og har rett kvalitet. For å nå universell helsedekning av rett kvalitet må helsepersonell mellom anna ha tilgang til kunnskap bygd på vitenskapleg forskning, men tilgang i seg sjølv er ikkje nok, kunnskapen må også nyttast av helsepersonell (World Health Organization, 2013 -a ; b). I Noreg er helsetenester regulert som ein rett for pasientar og som ei plikt for helsepersonell (Pasient- og brukerrettighetsloven, 1999:§1 ; Helsepersonelloven, 1999:§4). Helsetenester skal byggja på kunnskapsbaserte faglege retningslinjer og / eller anerkjent fagkunnskap (Helse- og omsorgstjenesteloven, 2011:pkt. 20.5 ; Helsedirektoratet, 2012:12).

Strategi for ikkje-smittsame sjukdomar 2013 – 2017 (NCD-strategi), omhandlar mellom anna førebygging, diagnostisering, behandling og rehabilitering av hjarte- og karsjukdomar. Denne strategien bygger på WHO sitt mål om å redusera dødelegheita for desse sjukdomsgruppene med 25 % innan 2025. For å nå dette målet, skal Noreg mellom anna revidere og implementere nasjonal retningslinje for behandling og rehabilitering ved hjerneslag, heretter kalla norsk hjerneslagsretningslinje (Helse- og omsorgsdepartementet, 2013:5,15). Krav om å implementera sentrale tilrådingar i kunnskapsbaserte nasjonale retningslinjer ser ein att i oppdragsdokumentet til Regionalt Helseforetak Helse Vest 2014 (Det kongelige Helse- og omsorgsdepartementet, 2014:8). Desse krava er også vidareført i Styringsdokumenta frå 2014 og 2015 for Helse Bergen HF (Helse Vest RHF, 2014:5 ; 2015:3,5,13) og i Helse Bergen HF sin strategiplan for 2012-2016, der trygge tenester med høg kvalitet er eit satsingsområde (Helse Bergen HF, 2011:6,10).

Hjerneslag er ein alvorleg sjukdom som rammar 15 000 personar i Noreg årleg. Det er den tredje vanlegaste dødsårsaka, og ein av dei vanlegaste årsakene til funksjonsnedsetting. Førekosten av hjerneslag aukar med alder, og grunna auka levealder vil truleg 50 % fleire bli ramma av hjerneslag i Noreg fram mot 2030 (Ellekjær & Selmer, 2007:740, 744). Ei vanleg funksjonsnedsetting etter hjerneslag er svelgvanskar (dysfagi), det vil sei vanskar med å føre mat og drikke trygt og effektivt til magesekken (Martino et al., 2005:2756, 2760 ; Westergren, 2006:143). Svelgvanskar aukar faren for at mat og drikke kjem ned i lungene (aspirasjon) og

med dette aukar risikoen for lungebetennelse. Lungebetennelse er ein alvorleg komplikasjon til hjerneslag (Kumar, Selim & Caplan, 2010:107 ; Donovan et al., 2013:e24).

I 2011 gjennomførte Statens Helsetilsyn ein nasjonal systemrevisjon av behandling og rehabilitering til eldre hjerneslagpasientar i akuttstadiet. Grunnlaget for tilsynet var norsk hjerneslagsretningslinje, Specialisthelsetenesteloven og Pasient- og brukerrettighetslov (Statens Helsetilsyn, 2011b:6,7). Det vart funne avvik ved dette tilsynet ved vårt lokalsjukehus. Avviket omhandla mellom anna kartlegging og behandling av svelgvanskar (Statens Helsetilsyn, 2011a). For å betra praksis innførte sjukehuset kartlegging av svelgfunksjon i samsvar med anbefaling i norsk hjerneslagsretningslinje. Sjukehuset har i ettertid ikkje vurdert om tiltaka har endra praksis. Slik manglande oppfylgning av tiltak er eit vanleg problem, påpeiker Helsetilsynet (Helse- og omsorgsdepartementet, 2012:79). Dette var bakgrunnen for val av tema for denne masteroppgåva i kunnskapsbasert praksis (KBP).

1.1 Formål og prosjektspørsmål

Formålet med masterprosjektet er at hjerneslagpasientar med svelgvanskar vert identifisert og får behandling i samsvar med norsk hjerneslagsretningslinje, utarbeida av Helsedirektoratet.

Dette kvalitetsforbetringsprosjektet har som mål å gje svar på fylgjande spørsmål:

- I kva grad er dagens praksis, i høve svelgkartlegging hjå hjerneslagpasientar, i samsvar med anbefalingar i norsk hjerneslagsretningslinje utarbeida av Helsedirektoratet?
- I kva grad kan kriterium basert klinisk audit betra praksis ved gap mellom praksis og anbefaling?

1.2 Oppbygging av oppgåva

Denne masteroppgåva er bygd opp som ein artikkel med kappe. Fokuset vil vera ulikt i kappe og artikkelen, men for at artikkelen og kappe skal kunna lesast uavhengig av kvarandre vil det vera noko overlapping. Kappa vil ha hovudfokus på metoden kriterium basert klinisk audit (KBKA), der metodiske styrker og svakheiter vert drøfta. Resultat frå kartlegging av interessentar og barrierar blir også presentert og drøfta i kappe, samt val av implementeringstiltak. Endring frå baselinemåling til re-audit, i høve tid frå innlegging til svegkartlegging, blir drøfta i kappe. Bakgrunn for å sette i verk implementeringstiltak er gap mellom praksis og anbefaling, difor blir også resultatet frå baselinemålinga presentert i kappe.

Artikkelen blir søkt publisert i BioMedCentral (BMC) nursing. Artikkelen har IMRAD struktur og bygd opp i samsvar forfatarrettleiinga frå BMC Nursing (BMC Nursing, 2015). Det betyr at den vil innehalde innleiing, metode, resultat, drøfting og konklusjon. Artikkelen presenterer og drøfter kva grad kartlegging av svelgvanskar hjå hjerneslagpasientar er i samsvar med anbefalingar i norsk hjerneslagsretningslinje, og i kva grad KBKA kan betra praksis.

I kapittel 1 er formål og prosjektspørsmål presentert. I kapittel 2 beskriv eg bakgrunn for prosjektet med fokus på kvalitetsbepet og kunnskapsbasert praksis (KBP). I tillegg vert modellen KBKA og tidlegare forskning innan hjerneslag, svelgvanskar og implementering omtala. I metodekapittelet, som er kapittel 3, blir dei ulike trinna i KBKA gjort greie for, ved å presenterer korleis me gjennomførte denne KBKA'en. Resultata frå kartlegging av barrierar og implementeringstiltak, samt tid frå innlegging til svelgkartlegging og kartlegging av svelgvanskar i baselinemålinga, blir presentert i kapittel 4. I kapittel 5 drøftar eg resultata frå kartlegging av barrierar samt styrker og svakheiter ved metoden KBKA. I tillegg blir tid frå innlegging til svelgkartlegging, i baseline og re-audit drøft. Artikkelen «Dysphagia screening after acute stroke - A quality improvement project using criteria-based clinical audit» blir presentert etter kappa.

2. Bakgrunn og tidlegare forskning

I dette kapittelet blir omgrepa kvalitet og pasientsikkerheit omtala, i tillegg blir elementa i KBP og KBKA beskrive. Det blir også gjeve ei oppsummering over forskning innan svelgvanskar og svelgkartlegging etter hjerneslag, samt implementering av svelgkartlegging.

2.1 Kvalitetsforbetring

Norsk Standard, NS-EN ISO 9000, definerer kvalitet som «i hvilken grad en samling av iboende egenskaper oppfyller» (Standard Norge, 2012:15). Helsedirektoratet illustrerer kvalitet ved hjelp av ei stjerne og har utvida innhaldet i omgrepet og gjort det meir konkret (figur 1). Helsetenester av god kvalitet vert omtala som tenester som er verknadsfulle, trygge og som gjev rom for brukarmedverknad. Tenestene skal også vera kontinuerlege og samordna, tilgjengelege og rettferdig fordelt, samt at dei skal nytta ressursane på ein god måte (Helsedirektoratet, 2005:21-25 ; Helse- og omsorgsdepartementet, 2012:11).



Figur 1. Modell for kvalitet


(Helsebiblioteket, 2013)

Uynskte hendingar er ei utfordring i arbeidet med å oppnå helsetenester av god kvalitet. For å redusera uynskte hendingar lanserte Verdas helseorganisasjon eit eige program for pasientsikkerheit, med målsetjing om at alle pasientar skal motta trygge helsetenester (World Health Organization, n.d.). I Noreg vart ein nasjonal strategi for kvalitetsforbetring lansert i 2005 (Helsedirektoratet, 2005) og i 2012 kom St.meld. 10 «God kvalitet- trygge tjenester» (Helse- og omsorgsdepartementet, 2012). Dette er vidareført i lokalt helseforetak, der helseforetaket har som målsetjing å ha ein internkultur som set pasientsikkerheit fyrst. Dette inneberer at pasientane skal ha tilgang til helsetenester av god kvalitet (Helse Bergen HF, 2011:6).

Arbeid med kvalitetsforbetring har tidlegare vore prega av initiativ frå fagpersonar, men i 2012 vart systematisk kvalitetsforbetring lovpålagt, noko som inneberer krav om systematisk styring (Spesialisthelsetenesteloven, 1999:§3-4 ; Helse- og omsorgsdepartementet, 2012:80). Sjølv om det er stort fokus på trygge helsetenester, anslår WHO at 10 % av alle som blir lagt inn på sjukehus blir skada medan dei får behandling (World Health Organization, n.d.). Ei norsk

undersøking viste at 16 % av alle sjukehusinnleggingar resulterte i skade, og internasjonale undersøkingar viser at 50 % av sjukehuskadane kan førebyggast, om adekvate tiltak vert sett i verk (Helse- og omsorgsdepartementet, 2012:24). Etablering av pasientsikkerheitsprosjektet i 2011 var eit tiltak for å betra pasientsikkerheita i Noreg. Dette prosjektet er no vidareført som Nasjonalt pasientsikkerheitsprogram, der hjerneslag er eit av innsatsområda (Helse- og omsorgsdepartementet, 2012:83 ; Helsedirektoratet, 2014). Kunnskapsgrunnlaget for tiltaka i innsatsområdet hjerneslag, bygger på den kunnskapsbaserte norske hjerneslagsretningslinja (Helsedirektoratet, 2014).


Når praksis er kunnskapsbasert er avgjerslene bygd på «...the best available, current, valid and relevant evidence. These decisions should be made by those receiving care, informed by the tacit and explicit knowledge of those providing care, within the context of available resources» (Dawes et al., 2005:4). Elementa frå Dawes et al. (2005) si beskriving av kunnskapsbasert praksis, finn ein att i den norske modellen (figur 2) og i definisjonen av KBP, «Å utøve KBP er å ta faglige avgjørelser basert på systematisk innhentet forskningsbasert kunnskap, erfaringsbasert kunnskap og pasientens ønsker og behov i den gitte situasjonen» (Nortvedt & Jamtvedt, 2009:65).



Figur 2. Modell for KBP

(Kunnskapssenteret, 2011:17)

Dawes et al. (2005:2) understrekar at definisjonen av KBP ikkje er tilstrekkeleg for å forklara den underliggjande prosessen som KBP bygger på. Kunnskapssenteret sin modell for denne prosessen bygger på seks trinn (figur 3) medan Dawes et al. opererer med fem trinn, der trinn ein og to i figur 3 er slått saman. Prosessen består i å reflektera over dagens praksis, noko som dannar grunnlaget for spørsmålsformuleringa (kjernes spørsmål). Vidare er det søk etter den beste forskingsbaserte kunnskapen og kritisk vurdering av denne, iverksetting av tiltak samt evaluering av praksis (Dawes et al., 2005:3 ; Kunnskapssenteret, 2011:17).




Figur 3. Trinna i KBP

(Kunnskapssenteret, 2011:17)

Kjernes spørsmålet kan omhandla førekomst, diagnose, prognose, årsak, effekt av tiltak eller erfaringar og holdningar (Polit & Beck, 2012:36). Val av kjernes spørsmål påverkar studiedesign og kva databasar det er hensiktsmessig å bruka ved søk etter forskning. Ved å presisera kjernes spørsmålet i eit PICO-skjema kan litteratursøket gjerast systematisk. Skjemaet gjev oversikt over kven problemstillinga omfattar (P), kva tiltak det er snakk om (I), om tiltaket skal samanliknast med noko (C) og kva resultat ein er interessert i (O) (ibid:36-37).

Kjelder til forskingsbasert kunnskap kan systematiserast i eit kunnskapshierarki som vist i 6S modellen til DiCenso, Bayley & Haynes (figur 4). I botnen av modellen finn ein primærstudia, så kjem oppsummering av enkeltstudie og oversikter. I toppen av pyramiden finn ein retningslinjer, oppslagsverk og system. Jo høgare i pyramiden forskinga er, jo meir oppsummert og robust er forskinga (DiCenso, Bayley & Haynes, 2009:99-101)

Kunnskapsbaserte retningslinjer er systematisk utvikla behandlinganbefalingar for personar



Figur 4. Kunnskapspyramiden


(DiCenso, Bayley & Haynes, 2009)

med spesielle tilstandar eller sjukdomar. Retningslinja kan omfatte alle aspekt ved tilstanden eller sjukdomen og anbefalingane skal bygga på den beste tilgjengelege kunnskapen (National Institute for Health and Care Excellence, 2014). Det skal eksistera ein plan for evaluering og oppdatering av retningslinja, i tillegg skal retningslinjer oppdaterast ved behov (Helsedirektoratet, 2012:14). Oppslagsverk er elektroniske verktøy som gjev støtte ved val av behandling. Verktøya må vera kunnskapsbaserte og bygd på den nyaste forskinga (Sim et al., 2001 ; UpToDate, 2015b:528).

Kunnskap som ligg til grunn for praksis må vera av metodisk god kvalitet (Polit & Beck, 2012:37-40). For å kritisk vurdera kvaliteten på studia, er det utvikla reiskap tilpassa dei ulike studiedesigna. Den systematiske oversikta til Katrak et al. (2004) viser at det ikkje eit reiskap som eignar seg betre enn eit anna eller som kan definerast som «gullstandard» (Katrak et al., 2004). Når kvaliteten på studia skal vurderast blir dei evaluert i høve desse punkta: Er spørsmålsformuleringa tydeleg? Har studie brukt rett metode for å få svar på spørsmålet? Kan

ein stola på resultatet og har resultatet klinisk betydning? O til sist, kan resultatet brukast på den aktuelle pasientgruppa (Centre for Evidence-Based Medicine, 2014)? Det er også utvikla reiskap for vurdering av retningslinjer, som til dømes AGREE-II instrumentet (Brouwers et al., 2010). Dei to siste trinna i sirkelen for KBP omfattar implementering av KBP og evaluering av praksis. Desse trinna blir omtale i metodekapittelet.

KBKA er ein syklisk kvalitetsforbetningsmetode der praksis blir systematisk kartlagt og vurdert opp mot eit eller fleire spesifiserte kunnskapsbaserte kriterium. Om det er gap mellom praksis og kriterium blir tiltak sett i verk for å betre praksis. For å kontrollere om tiltaka har hatt positiv effekt på praksis gjentek ein den same kartlegginga og samanliknar funna med baselinemålinga (figur 5). Denne prosessen gjentek ein til praksis er stabil på ein førehandsdefinert standard (Dixon & Pearce, 2011a:2-5). KBKA som metode er eigna når det finst kunnskapsbaserte standardar og når praksis ikkje er i samsvar med denne eller når praksis varierer. Metoden er også eigna når omfanget er stort, ved høge kostnader eller dersom pasientar blir utsatt for risiko



Figur 5. Audit sirkel

Modellen er gjengjeve med løyve frå HQIP (Healthcare Quality Improvement Partnership HQIP, 2012)

(Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011a:26 ; Burgess, 2011:6). Tidlege modellar av KBKA retta fokuset mot kartlegging av praksis, medan Healthcare Quality Improvement partnership (HQIP) sin modifiserte modell fokuserer på kvalitetsforbetringa (figur 5). Det vil sei at

kartlegging av praksis og iverksetting av tiltak ikkje berre skjer ei gong, men blir repetert inntil rett nivå på praksis er oppnådd. Desse re-målinga må planleggast som ein integrert del av den KBKA'en. HQIP meiner at dette er det som skil denne modellen frå tidlegare modellar, og at re-audit er essensielt for eit vellukka kvalitetsforbettringsprosjekt (Dixon & Pearce, 2011b:2-6).

2.2 Hjerneslag og svelgvanskar

For å få kunnskap om svelgkartlegging hjå hjerneslagpasientar vart det utført søk i elektroniske databaser. Dette vart gjort ved å presisere kjernes spørsmålet i ein PIO, «kan standardisert svelgkartlegging hjå hjerneslagpasientar identifisera svelgvanskar og auka omfang av svelgkartlegging?». Emneord og tekstord som omhandla hjerneslag, svelgkartlegging og svelgvanskar var tilpassa aktuelle databasar og kombinert med OR og AND. Det vart nytta «explode» funksjonen for å fange opp undergrupper til aktuelle emneord, i tillegg vart det søkt på stamma av nokre tekstord ved hjelp av trunkering. Eg gjorde også siteringssøk i dei mest aktuelle artiklane. Val av kjelder bygger eg på kjernes spørsmålet og på kunnskapshierarkiet der eg søkte etter den mest oppsummerte forskinga (DiCenso, Bayley & Haynes, 2009).

Oppsummering av dei mest aktuelle studia er presentert i litteraturtabell (vedlegg I: Litteraturtabell svelgkartlegging etter hjerneslag).

Sjølv om hjerneslag er ein alvorleg sjukdom som rammar mange, var det tidlegare få studie på området (Ellekjær & Selmer, 2007:740). I dei siste tiåra har dette endra seg, og i dag finst det mange studie som omhandlar svelgvanskar hjå hjerneslagpasientar (Daniels, Anderson & Willson, 2012:896). Det er også gjennomført nasjonale auditer av hjerneslagbehandlinga i mellom anna Australia og England. Resultata frå desse nasjonale auditane viser at gapet mellom praksis og anbefaling innan svelgkartlegging er redusert ved re-audit (Royal College of Physicians, n.d.-b ; National Stroke Foundation, 2013:23). Tidlegare nemnde tilsyn ved vårt sjukehus, utført av Statens Helsetilsyn, viste også gap mellom praksis og anbefaling innan svelgkartlegging (Statens Helsetilsyn, 2012:5,14,15).

Svelgvanskar varierer frå mild grad, der personen har vanskar med å handtere mat i munnen eller har ei ufullstendig svelging, til alvorleg grad der personen aspirerer (Martino, 2012:53). Det er samanheng mellom svelgvanskar og dårleg kontroll over muskulatur i ansikt, munn og svelg. Dette ser ein ved at mat, drikke og spytt «renn» ut av munnen eller samlar seg opp i munnen. Andre kjenneteikn er ufullstendig svelging, forseinka heving av strupehovudet og

ufullstendig og forseinka lukking av luftrøyret, endra stemmekvalitet, trong for å reinske stemma, tung pust og hoste (Singh & Hamdy, 2005:383).

Studie gjev ikkje eintydige tal på kor mange som får svelgvanskar etter hjerneslag. Tala varierer frå 37 -78 %, noko som skuldast både ulike kartleggingsmetodar og definisjon av svelgvanskar. Ved klinisk undersøking viser Martino et al. at om lag halvparten av alle hjerneslagpasientar har svelgvanskar og at 22-52 % av desse aspirerer (Martino et al., 2005:2756, 2760). Svelgvanskar aukar risikoen for aspirasjonslungebetennelse (Mann, Hankey & Cameron, 1999:746 ; Hinchey et al., 2005:1972 ; Edmiaston et al., 2014:1) noko som gjev tre gonger så høg risiko for død (Katzan et al., 2003:621,623). Det er også vist samanheng mellom svelgvanskar og underernæring (Smithard et al., 1996:4 ; Foley et al., 2009:711) og lengre liggetid i sjukehus (Smithard et al., 1996:5 ; Hinchey et al., 2005:1975 ; Lakshminarayan et al., 2010:2853). Då svelgvanskar betrar seg spontant i løpet av dei fyrste vekene, er risikoen for aspirasjon størst kort tid etter at hjerneslaget har oppstått (Smithard et al., 1997:188).

Om lag halvparten av hjerneslagpasientar med svelgvanskar er ikkje klar over at dei har nedsett svelgfunksjon. Dei kan difor ikkje tilpassa inntak av mat og drikke til svelgvanskane. Studie viser at det er samanheng mellom redusert medvit om svelgfunksjon og helseplager (Parker et al., 2004:31). Tidleg kartlegging av svelgfunksjon er difor viktig for å avdekke kven som har svelgvanskar og er i fare for å aspirera. Ein kan då setje i verk førebyggjande tiltak for å redusera faren for aspirasjon og for å sikre trygg tilgang til væske og ernæring (Singh & Hamdy, 2005:387 ; Westergren, 2006:143).

Det er fleire element som kjenneteiknar eit godt kartleggingsverktøy. Undersøkinga må vera akseptabel for pasienten og enkel å utføre. Ressursbruken må også vera akseptabel.

Kartleggingsverktøyet må i tillegg vera reliabelt, valid, sensitivt og spesifikt (Perry, 2000:464 ; Donovan et al., 2013:e25,e26). At eit verktøy er reliabelt vil sei at det er stabilt og målesikkert i forhold til resultatet, og at det gjev like svar under elles like forhold (Polit & Beck, 2012:331). Når eit verktøy er valid betyr det at det eignar seg til å måla det det skal måla (Polit & Beck, 2012:175). Sensitive kartleggingsverktøy identifiserer det dei skal på ein korrekt måte, og spesifisitet tyder at dei utelet det som skal utelatast. For å finne ut kor høg spesifisitet og sensitivitet verktøyet har, må ein vurdere det opp mot ein «gullstandard» (Polit & Beck, 2012:342, 343). I tillegg til å ha eit godt kartleggingsverktøy må det vera tydelege prosedyrar på når kartlegginga skal skje og kva resultatet av kartlegginga skal føra til. I tillegg må personalet har naudsynt kompetanse til å utføra kartlegginga (Donovan et al., 2013:26).

Videofluoroscopi er ei røntgenundersøking der pasient blir filma medan han svel radioaktiv materiale. Undersøkinga krev tilgang til spesialutstyr og personale med spesialkompetanse. I tillegg må pasienten kunne stå eller sitje oppreist i 10 til 15 min. Undersøkinga skjer under ideelle forhold for svelging, noko som ikkje alltid speglar den verkelege matsituasjonen (Rugiu, 2007:307 ; Singh & Hamdy, 2005:384). Så sjølv om videofluoroscopi er rekna som gullstandard for svelgvurdering (Martino et al., 2005:7), er kliniske testar framleis hjørnesteinen i svelgvurderinga av hjerneslagpasientar (Singh & Hamdy, 2005:383).

Innføring av standard metode for svelgkartlegging aukar talet på pasientar som blir kartlagt for svelgvanskar (Hinchey et al., 2005:1975 ; Middleton et al., 2011:1704). Det er vanskeleg å samanlikna dei ulike svelgkartleggingsverktøya, og verktøya har ulike styrker og svakheiter (Martino et al., 2005:7,8 ; Westergren, 2006:148,149 ; Edmiaston et al., 2014:4,5). Kva som er det beste svelgkartleggingsverktøyet er framleis uklart (Daniels, Anderson & Willson, 2012:896 ; Donovan et al., 2013:e29). Sjølv om det manglar kunnskap om kva som er det beste verktøyet, finst det verktøy som både er reliable, valide, sensitive og spesifikke i tillegg til å vera akseptable og moglege å gjennomføra. Det er difor ingen grunn til å velje «lokalt produserte» verktøy som ikkje er validerte (Donovan et al., 2013).

Svelgkartleggingsverktøyet som Helsedirektoratet anbefaler er todelt. Den fyrste delen er ein førebunde del som består i å vurdera om pasienten er vaken og kan respondere på tiltale. Vidare blir hovud- og bolkontroll vurdert. Nedsett kraft (paresar) i ansiktmuskulatur og tungemotorikk blir også undersøkt, samt om pasient kan svelge spytt og hoste på oppmoding. Om pasienten ikkje er tilstrekkeleg vaken eller har tilstrekkeleg hovudkontroll, skal vidare undersøking utsetjast i eit døgn. Om han har vanskar med tungemotorikk, hosting eller å svelgje spytt, skal ein rådføra seg med personalet med spesialkompetanse før ein går vidare. Del to av testen er sjølv vasstesten. Pasienten får tre teskeier med vatn, deretter 50 milliliter vatn frå glas. Om pasienten har vanskar med å svelgja blir fortjukka vatn tilbydd. Har han framleis vanskar med å svelgja, vert testen avbrote. Når pasienten svelgjer vatn undersøker ein svelgbevegelse, om pasienten hostar, får endra stemmekvalitet eller pustemønster. Etter at svelgtest er utført skal ein bestemma om pasienten kan få mat og drikke gjennom munnen eller ikkje. Kan pasienten svelgje vert det vurdert om han/ ho treng tilrettelegging av matsituasjon og /eller oppfylgning av personale med spesialkompetanse for svelgvanskar, eller om han /ho kan eta vanleg mat utan tilrettelegging. Skjema skal signerast og dato og klokkeslett skal førast på

skjema (vedlegg II: Svelgkartleggingsskjema). Kunnskapsgrunnlaget for svelgtesten er konsensus i Helse Sør-Øst 2007 (Helsedirektoratet, 2010:54, 131, 156).

2.3 Implementering av retningslinjer og kunnskapsbaserte anbefalinger

For å betra kvaliteten på helsetenestene og for å auka pasientsikkerheita, anbefaler Helse- og omsorgsdepartementet å «forbedre systemet for utvikling og implementering av nasjonale faglige retningslinjer og veilderer» (Helse- og omsorgsdepartementet, 2012:10).

Implementering av nasjonale faglege retningslinjer involverer både leiinga og personalet på det aktuelle sjukehuset eller avdelinga. For å lukkas, er endringsprosessen avhengig av støtte frå dei involverte samt tilgang til naudsynnte ressursar (Grol, Wensing & Eccles, 2005:216 ; Registered Nurses' Association of Ontario, 2012:8). Studie viser at det likevel ikkje er vanskeleg å oppnå meir enn 10 % betring ved slike endringsprosessar (Wensing, Bosch & Grol, 2010:E85 ; Ivers et al., 2014:1537). Sjølv om dette er ei lita endring, kan det vera potensielt viktig for pasienten (Ivers et al., 2014:1537).

Årsak til gap mellom praksis og kunnskapsbasert anbefaling må kartleggast før ein vel implementeringstiltak. Faktorar som hemmar og fremjar bruk av kunnskapsbaserte retningslinjer må utforskast, og skreddarsydde tiltak rettast mot barrierar (Baker et al., 2010:12 ; National Stroke Foundation, 2011:3 ; UpToDate, 2014). Barrierar kan vera knytt til eigenskapar ved retningslinja, organisasjonen eller personalet og pasienten (Fitzgerald et al., 2014:44). Sjølv om forskning viser at tiltak retta mot barrierar kan ha effekt, er det lite kunnskap om kva barrierar som har størst betydning og kva tiltak som har effekt på dei ulike barriere (Baker et al., 2010:13).

Studie, retningslinjer og verktøy for implementering viser til at samansette tiltak gjev større endring av praksis enn enkelståande tiltak (National Stroke Foundation, 2011 ; Boaz et al., 2011:6 ; Registered Nurses' Association of Ontario, 2012:72 ; Fitzgerald et al., 2014:37,45). I motsetnad til dette finn ikkje Squires et al. (2014), i sin oversiktsartikkel, at samansette tiltak har større effekt enn enkelståande implementeringstiltak (ibid:22). Enkelståande tiltak som kan gje endring i praksis, er bruk av opinionsleiarar (Flodgren et al., 2011:14 ; Boaz et al., 2011:5 ; Fitzgerald et al., 2014:14), påminningar som sjekklister og informasjonskort (Fitzgerald et al., 2014:35), elektroniske hjelpemiddel (Boaz et al., 2011:5), audit og feedback (Healthcare Quality Improvement Partnership Ltd, 2011 ; National Stroke Foundation, 2013 ; Ivers et al.,

2014:1535,1537) og interaktiv opplæringstiltak (Thompson et al., 2007:10 ; Forsetlund et al., 2009:10,15 ; Donnellan, Sweetman & Shelley, 2013b:240 ; 2013a:262).

Det er vanleg å vurdere effekt av undervisning og opplæring ved å måla helsearbeidarane sin kunnskap, vurdere deira praksis, samt å måla helsereelatert utfall hjå pasienten. Studie viser at samla effekt av opplæring er liten til middels, og at den har minst effekt på helsereelatert utfall hjå pasienten (Mansouri Maliheh & Lockyer Jocelyn, 2007:8-11 ; Forsetlund et al., 2009:10-13). Det vert nytta ulike omgrep for opplæring i implementeringsforskinga, og innhaldet i omgrepa er ikkje standardiserte og eintydige (Mansouri Maliheh & Lockyer Jocelyn, 2007:7). Dette gjer det vanskeleg å identifisera kva som kjenneteiknar dei ulike tiltaka og samanlikningar blir difor vanskeleg. I denne oppgåva har me brukt Forsetlund et al. (2009) si beskriving av opplæringstiltak. Forsetlund et al. (2009) beskriv at multiple opplæringstiltak omfattar to eller fleire tiltak. Interaktiv opplæring er kjenneteikna med interaksjon mellom deltakarane som rollespel, drøfting av eksempel frå praksis eller praktiske øvingar. Didaktiv opplæring er derimot kjenneteikna med forelesing der det er mogeleg å stille spørsmål (Forsetlund et al., 2009:6,7).

Interaktive opplæringstiltak gjev betre effekt enn didaktive (Mansouri Maliheh & Lockyer Jocelyn, 2007:8 ; Forsetlund et al., 2009:10), og ein kombinasjon av interaktiv og didaktiv opplæring gjev best effekt (Forsetlund et al., 2009:10). Mansouri og Lockyer (2007) fann signifikant betring av helsearbeidarar sine kunnskar og handlingar ved trening på «case» i interaktive små grupper der opplæringa vart repetert. Effekten auka også når lengda på opplæringsprogrammet vart utvida og ved å ha ei einsarta deltakargruppe (ibid:11). Lite komplekse tiltak der fokuset er retta mot alvorlege pasientutfall auka også effekten av opplæringstiltaket (Forsetlund et al., 2009:15).

Kartlegging av praksis og implementering av standardisert metode for svelgkartlegging fører til at fleire slagpasientar vert kartlagt (Hinchey et al., 2005:1975 ; Middleton et al., 2011:1704 ; Titsworth et al., 2013:6) og at fleire slagpasientar med svelgvanskar vert identifisert (Martino et al., 2005:7,8 ; Westergren, 2006:148,149 ; Edmiaston et al., 2014:4,5). Difor er det viktig å legge til rette for implementering av svelgkartlegging (Donovan et al., 2013:30).

3. Metode

Me har valt å bruka modellen frå HQIP med fire trinn (figur 5) i gjennomføringa av denne KBKA. I metodekapittelet beskriv eg korleis dette kvalitetsforbetningsprosjektet er gjennomført med utgangspunkt i dei ulike trinna i modellen.

3.1 Trinn 1 - Førebuing og planlegging

Førebuing og planlegging er essensielt for ei vellukka gjennomføringa av ein KBKA. Dette trinnet omfattar prosessen frå refleksjon over praksis og val av audit tema til å bestemme kunnskapsgrunnlaget for å sette standard og kriterium (Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011a:25). Denne delen omfattar dei fire fyrste trinna i modellen om korleis arbeide kunnskapsbasert (figur 3). Desse fire trinna er refleksjon over praksis, spørsmålsformulering, litteratursøk og kritisk vurdering av studia.

I komplekse organisasjonar kan mange faktorar påverka prosjektet. Det er difor viktig å planlegge og systematisere arbeidet, slik at relevante faktorar blir tatt omsyn til. I denne delen av prosjektet var det viktig å involvere aktuelle interessentar og å lage ein realistisk milepælplan. Ein milepælplanen må innehalde spesifiserte oppgåver, kven som er ansvarleg og kva tidsfristar dei ulike oppgåvene har (NHS Institute for Innovation and Improvement, 2008 - c). Ei god gjennomføring av prosjektet er avhengig av ein framdriftsansvarleg og at alle trinna i auditen er godt planlagt (Grol, Wensing & Eccles, 2005:42-46 ; Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011a:25). Benjamin Franklin skal ha ytra at «By failing to prepare, you are preparing to fail» (Franklin Benjamin, n.d.).

3.1.1 Val av forbetningsområde, formål og metode

Initiativ til å gjennomføre ein KBKA kan kome frå leiinga, klinikarar eller vera initiert av myndigheiter, som ein nasjonal audit. Denne KBKA'en var initiert av prosjektleiar med støtte i leiargruppa. Ved val av forbetningsområde, må ein vurdere om prosjektet er viktig og om KBKA eignar seg som metode. Finst det fleire aktuelle prosjekt må ein vurdere kva prosjekt som skal prioriterast. HQIP har utvikla eit kartleggingsskjema til hjelp for vurdering og prioritering av forbetningsområde. Tema som blir vurdert er variasjon av praksis, omfang, kostnad, risiko, kunnskapsbaserte anbefalingar, involvering av brukarar samt potensiale for endring. Skåringsverdien går frå 0 til 42 der høg skår indikerer at prosjektet er av høg viktighet

(Brain & Bywaters, n.d.:11). Sjølv om leiinga støttar denne KBKA'en og det ikkje var andre aktuelle prosjekt, ynskte me å utføra ei skåring for å sjå i kva grad temaet var viktig og passa for metoden. Kartlegging av svelgvanskar hjå hjerneslagpasientar skåra 31 poeng. Dette indikerer at metoden eignar seg for temaet og at temaet er viktig og bør ha høg prioritet (vedlegg III: Kvalitets konsekvensanalyse).

For å få ei felles forståing av kva prosjektet skal oppnå, er det viktig at formålet er klart og tydeleg formulert. Ein audit kan ha som målsetjing å forbetre, auke, styrke, forsikre eller å endre (Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011a:31). Formålet som er beskrive under kapittel 1.1 er at alle hjerneslagpasientar med svelgvanskar vert identifisert og får behandling i samsvar med den norske hjerneslagsretningslinja. Identifisering av svelgvanskar skal gjerast med bruk av kartleggingsverktøy tilrådd i retningslinja. Då denne anbefalinga vart introdusert som standard behandling ved sjukehuset i 2011, blir målsetjinga for prosjektet å forbetra og å auka etterlevinga av anbefalinga.

Fordi svelgvanskar hjå hjerneslagpasientar passar til bruksområde for KBKA beskrive i kapittel 2.1, og gjennom kvalitets- og konsekvensanalysen, er denne metoden vald for vårt kvalitetsforbetningsprosjekt. For hjerneslag finst det kunnskapsbaserte anbefalingar om svelgkartlegging. Svelgvanskar er i tillegg ein potensiell alvorleg situasjon for pasienten (Katzan et al., 2003:621,623 ; Helsedirektoratet, 2010:54-55) og omfanget av svelgvanskar er både stort (Martino et al., 2005:2756, 2760) og aukande (Ellekjær & Selmer, 2007:740, 744). Pasientar med svelgvanskar har lengre liggetid i sjukehus noko som genererer auka kostnader (Sausser et al., 2014:241). I tillegg har undersøkingar vist at det er gap mellom anbefaling og praksis (Royal College of Physicians, n.d.-b ; Statens Helsetilsyn, 2012 ; National Stroke Foundation, 2013) og at praksis kan endre seg ved bruk av KBKA (Healthcare Quality Improvement Partnership Ltd, 2011 ; National Stroke Foundation, 2013 ; Ivers et al., 2014:2,4).

3.1.2 Kartlegging av interessentar

Interessentar er enkeltindivid eller grupper som direkte eller indirekte vert påverka av, eller som kan påverka prosjektet. Dei ulike dela av prosjektet kan bli påverka av, og kan påverke ulike interessentgrupper. I starten av dette prosjektet hadde me fokus på sjukehusleiinga som interessant, vidare vart avdelingsleiinga og opinionsleiarar trekt inn. Under den vidare planlegginga og gjennomføringa av prosjektet hadde me hovudfokus på ekspertgruppa og

personalet i avdelinga som interessentar. (Rogers, 2003:27 ; NHS Institute for Innovation and Improvement, 2008 -b ; Registered Nurses' Association of Ontario, 2012:14,32).

Ved utøving av kunnskapsbasert praksis, skal praksis tuftast på forskingsbasert og erfaringsbaser kunnskap, samt brukar sin erfaring og preferanse. Det er difor viktig at me i førebuingsfasen avklarar korleis brukarerfaring skal trekkast inn i arbeidet (Nasjonalt kunnskapsenter for helsetjenesten, u.å.:7 ; Dawes et al., 2005:4 ; Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011a:55,56). Me valde ikkje å trekke brukarar direkte inn i dette kvalitetsforbetringsarbeidet. Brukarmedverknad er ivareteke ved at brukarorganisasjonar har vore med i utarbeidinga av den norske hjerneslagsretningslinja (Helsedirektoratet, 2010:12) og i sjukehuset sitt arbeid med å lukke avviket frå helsetilsynet. I tillegg meiner me at pasientar i liten grad vil påverka implementeringsarbeidet, då me har erfart at svelgkartlegging er ei akseptabel undersøking for pasienten.

Manglande kartlegging og analyse av dei positive og negative kreftene som påverkar implementeringsarbeidet, kan føra til at forbetningsprosjekt stoppar opp (NHS Institute for Innovation and Improvement, 2008 -b). Me kartla difor interessentane og analyserte deira positive og negative holdningar til å innføra svelgkartlegging av slagpasientar (figur 6). Denne kartlegginga vart gjort gjennom samtale med ekspertgruppa og leiinga ved avdelinga, samt med personalet. Me fokuserte på tiltak retta mot barrierane for å redusera motstanden til prosjektet. Dette gjorde me gjennom å informera om prosjektet og ved å utforska dei negative holdningane (Hakkennes & Dodd, 2008:298 ; Wensing, Bosch & Grol, 2010:85).

3.1.3 Kunnskapsgrunnlag, kriterium og standard

Kriterium er eit systematiske utvikla og eksplisitt uttrykt utsegn om anbefaling eller standard. Kriteriet skal avgrensa kva som skal undersøkast og ikkje gje rom for tolking. Manglande avgrensing kan føre til upåliteleg datamateriale. Kriteriet kan rettast mot struktur, prosess eller resultat (Donabedian, 2005:713 ; Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011a:33). I KBKA er det i stor grad prosesskriterium som blir målt. Dette er fordi kjernen i KBKA'er er å vurdera praksis opp mot kunnskapsbaserte kriterium. Prosesskriteria måler ikkje resultat av ein aktivitet men sjølve aktiviteten (Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011a:35). Standard er eit mål på i kva grad kriteria skal vera oppfylt. Dette blir ofte uttrykt i prosent. Kriterium og standard kan uttrykkast kvar for seg, eller som ei samla utsegn (Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011a:32-36), som i denne auditen. Kriteriet og standarden for denne KBKA er vist i tabell 1.

Sjukehuset legg den norske hjerneslagsretningslinje til grunn for behandling av hjerneslag og difor er denne retningslinja utgangspunktet for vårt kriterium. Denne retningslinja graderer ikkje anbefalinga «en standardisert kartleggingsundersøkelse for svelgevansker bør skje tidlig etter innleggelse, og før peroral ernærings blir gitt» (Helsedirektoratet, 2010:18, 54-55, 156-157). Difor brukte me nettsida til Guidelines International Network (GIN) for å søka etter andre retningslinjer for behandling av hjerneslag. GIN er eit internasjonalt nettverk etablert i 2002. Nettverket er «non profitt» og har som målsetjing å fremja beste praksis (Guidelines International Network, 2013). Me valde å inkludere den australske retningslinja i kunnskapsgrunnlaget då den graderer anbefaling om svelgkartlegging til grad B. Graderinga går frå A-D der A er den sterkaste anbefalinga. Kunnskapsgrunnlaget for grad B bygger på ein eller to randomiserte kontrollerte studie (RCT) med liten risiko for bias, eller ein systematisk oversiktsartikkel. Kunnskapsgrunnlaget kan også bygge på multiple ikkje randomiserte eksperimentelle studie, kohortstudie, casekontroll studie eller avbrote tidsseriestudie med kontrollgruppe. Gradering B gjev grunnlag for å ta i bruk anbefalinga i dei fleste situasjonar (National Stroke Foundation, 2010:82.131 ; Australian Government National Health and Medical Research Council, 2014). Ein annan grunn til dette valet, var at ein tidlegare versjon av denne retningslinja er brukt som kunnskapsgrunnlag i den norske hjerneslagsretningslinja. Kvaliteten på den norske og den australske retningslinja var vurdert med AGREE II instrumentet. Dette instrumentet består av seks hovudområder med totalt 23 spørsmål. Hovudområda er avgrensingar og formål, involvering av interessentar, metode, presentasjon, klårheit, om den kan nyttast og den redaksjonell uavhengigheit (The AGREE Research Trust, 2010-2013 ; Brouwers et al., 2010:E841). Den norske hjerneslagsretningslinja fekk ein samla skår på 5 av 7, medan den australske fekk ein samla skår på 6 av 7 (vedlegg IV: AGREE II vurdering).

Det er i tillegg søkt etter studie som omhandlar kartlegging av svelgfunksjon hjå hjerneslagpasientar, og som var publisert etter det siste søket i den norske hjerneslagsretningslinja. Studia vart kritisk vurdert med hjelp av aktuelle sjekklister frå Kunnskapssenteret (Nasjonalt kunnskapssenteret for helsetenesten, 2014) og gav kunnskap som underbygger anbefalinga (Donovan et al., 2013 ; Daniels, Anderson & Willson, 2012 ; Middleton et al., 2011). Sjølv om studia ikkje konkluderer med kva kartleggingsverktøy som er det beste, vert det understreka at kartlegging av svelgvanskar er viktig (Daniels, Anderson & Willson, 2012 ; Schepp et al., 2012).

Me søkte også i oppslagsverket UpToDate. Der fann me ei sterk anbefaling om at hjerneslagpasienten sin svelgfunksjon skal vurderast før pasienten får mat og drikke. Medan anbefalinga om bruk av ein formell kartleggingsprotokoll er ei svak anbefaling.

Kunnskapsgrunnlaget for svelgkartlegging i oppslagsverket bygger på den systematiske oversiktene frå Schepp et al. (2012) og frå Daniels, Anderson and Willson (2012). I tillegg bygger kunnskapsgrunnlaget på kohortstudien frå Hinchey et al. (2005) og retningslinja frå American Heart Association/American Stroke Association (Jauch et al., 2013) (UpToDate, 2015a). Eg har vurdert kvaliteten på oppslagsverket ved å gå gjennom UpToDate sine redaksjonelle retningslinjer. Desse beskriv søk etter forskning, kvalitetsvurdering og oppsummering av litteraturen, samt bakgrunn for gradering og anbefaling (UpToDate, 2013). Dette gjev meg grunnlag til å stole på anbefalinga, og difor blir UpToDate inkludert i kunnskapsgrunnlaget.

Standard er avhengig av tre faktorar. Det er kor viktig kriteriet er, om det er gjennomførbart og om det er akseptabelt (Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011a:41). Me har sett standard til 100 %. Dette vart gjort av di svelgvanskar er ein alvorleg tilstand som bør kartleggast hjå alle hjerneslagpasientar så raskt som råd og før dei får mat, drikke eller medisinar (Helsedirektoratet, 2010:55 ; National Stroke Foundation, 2010:98 ; UpToDate, 2015a).

Svelgkartlegging er ei undersøking som er rask å utføre, som ikkje krev spesialutstyr og som heller ikkje er belastande for pasienten (Helsedirektoratet, 2010:156 ; Daniels, Anderson & Petersen, 2013:4). Sjølv om det er tilrådd å kartlegge svelgfunksjon før pasienten får mat og drikke, har me valt å ikkje inkludere dette i kriteriet. Bakgrunnen er at kartleggingsverktøyet som var i bruk ved baselinemålinga, verken hadde rubrikk for tidspunkt for kartlegging eller om pasienten hadde fått mat og drikke før kartlegging.

Kriterium og standard	Kunnskapsgrunnlag
Alle hjerneslagpasientar (100 %) med ICD10 diagnosane I61, I63, I64 og G45,9 ¹ skal svelgkartleggast, ved hjelp av standardisert kartleggingsundersøking tilrådd av Helsedirektoratet.	Helsedirektoratet, 2010 National Stroke Foundation 2010 UpToDate, 2015a

Tabell 1. Kriterium og standard

¹ I61-hjerneblødning, I63-hjerneinfarkt, I64-uspesifisert hjerneslag og G45,9 – TIA.

3.1.4 Inklusjons- og eksklusjonskriterium

Målgruppa for KA må vera eksplisitt uttrykt, dette inkluderer både inklusjons- og eksklusjonskriterium (Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011a:37). I dette kvalitetsforbetringsprosjektet inkluderte me alle hjerneslagpasientar identifisert med ICD10 diagnosane: I61 hjernebløding, I63 hjerneinfarkt, I64 uspesifisert hjerneslag og G45,9 transitorisk iskemisk attack (TIA). Pasientar som hadde kjende svelgvanskar ved innlegging, identifisert med ernæringssonde, vart ekskludert frå denne KBKA'en.

3.1.5 Framdriftsplan

For å sikra at prosjektet vart gjennomført som planlagt, laga me ein realistisk framdriftsplan. Den inneheldt ei beskriving av oppgåver, kven som var ansvarlege og tidsrom oppgåvene skulle utførast innan. Framdrifta av prosjektet var avhengig av at planen vart fylgd og at prosjektleiar vart informert om eventuelle avvik (Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011a:43). Då dette prosjektet er ei masteroppgåve var masterstudent framdriftsansvarleg. Framdriftsplanen vart tilpassa studiet, i tillegg til drift av avdelinga og pasienttilfang. Utarbeiding av framdriftsplanen vart gjort i eit tett samarbeid med avdelingsleiinga (vedlegg V: Framdriftsplan KBKA).

God planlegging betyr også å vurdere ressursbruk, som tid, utstyr og kompetanse. Omfanget av naudsynte ressursar må vurderast opp mot nytteverdi av prosjektet (Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011a:47,48). Dette prosjektet var eit internt kvalitetsforbetringsprosjekt. Det skulle vera mogeleg å gjennomføra prosjektet innan eksisterande rammer, difor vart det ikkje tilført ekstra ressursar til gjennomføringa av prosjektet. Prosjektleiar har brukt avsett studietid for å gjennomføre prosjektet og avdelinga prioriterte prosjektet som ein del av si interne kompetanseheving og kvalitetsforbetring..

3.1.6 Etikk

Fordi prosjektet var eit kvalitetsforbetringsprosjekt vart det ikkje omfatta av helseforskningslova og trong difor ikkje godkjenning av Regional Etisk Komité (REK). Formålet med prosjektet, som var at hjerneslagpasientar skulle få behandling i samsvar med norske hjerneslagsretningslinja, hadde ikkje som målsetjing å skaffa til vege ny kunnskap om helse og sjukdom (Veileder til Helseforskningsloven, 2010:8,9). Prosjektet vart godkjent som eit

kvalitetsforbetringsprosjekt hjå personvernombodet for helseforskning i lokalt helseforetak (vedlegg VI: Godkjenning frå personvernombodet i Helse Bergen).

Sjølv om prosjektet ikkje er klassifisert som forskning, må det likevel bygge på etiske prinsipp. Me la difor til grunn dei fire grunnleggjande prinsipp som er utleia av moralsk teori. Det er autonomi, føremon, rettferd og å hindre skade. I praksis ville det seia å gjera pasienten i stand til å ta informerte val, yte bistand som er til nytte for pasienten, ikkje utsetja pasienten for risiko eller skade og å sikra at pasientopplysningar vert handsama konfidensielt. I tillegg så skal bistand fordelast rettferdig og ressursar nyttast på best måte (Dixon, 2011:109). Difor la me vekt på at prosjektet vart godt planlagt og gjennomført slik at ressursane vart nytta best mogleg, at tenestene vart rettferdig fordelt og at resultatet kunne fremja kvaliteten på tenestene utan å påføra pasientane skade eller at konfidensielle opplysningar vart gjort kjent (Dixon, 2011:113).

3.2 Trinn 2 - Kartlegging av dagen praksis

Dette trinnet i modellen omfattar ei beskriving av type og mengde data, kjelde for data, auditverktøy og metode og tidsperspektiv for datainnsamling.

Når praksis skal endrast er det viktig at datamateriale som ligg til grunn for denne endringa er relevant for problemstillinga (valid), og at data er til å stola på (reliable) (Dixon & Pearce, 2011a:1). Det er ikkje anbefalt å samla inn data for sikkerheitsskyld eller for eigen interesse. Berre data som er naudsynt for å måle om kriteria er nådd skal samlast inn. Dette er viktig for at datainnsamlinga både skal bli effektiv og effektfull (Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011b:61,62). Kvaliteten på data er mellom anna avhengig av ei presis spørsmålsformulering, klare inklusjons- og eksklusjonskriterium og eit datainnsamlingsverktøy som eignar seg for problemstillinga og som gjev konsistente data. Datamateriale må også vera så stort at resultatet ikkje er tufta på tilfældigheit. Storleiken er avhengig av variasjonen i datamateriale og metode for dataanalyse. I tillegg er det viktig at den som skal samle inn datamateriale har den naudsynte kompetansen (Dixon & Pearce, 2011a:1-2, 8).

3.2.1 Utval og styrkeberekning

Studien vart gjennomført i ein slagpost på eit lokalsjukehus. Slagposten hadde fire senger og var ein integrert del av ei stor medisinsk avdeling med 34 senger. Sjukepleiarane som arbeidde ved slagposten behandla også andre pasientgrupper. Det vart lagt inn om lag 90 slagpasientar i sjukehuset årleg. Ei styrkeberekning ved hjelp av IBM SPSS Sample Power 3 viste at for å

kunne påvise ei forbetring av praksis frå 10 % til 35 % som statistisk signifikant ($P < 0,05$), måtte me samle inn data frå minimum 115 pasientar, 80 baselinemålingar og 35 re-audit målingar. Dette ville gje ein styrke på 80 %.

3.2.2 Datamateriale frå baseline måling

Baselinedata frå alle slagpasientar vart henta inn fortløpande frå eit bestemt tidspunkt (Polit & Beck, 2012:278). I baselinemålinga vart dette gjort retrospektivt ($n=90$) i perioden januar 2014 til desember 2012. Me valde å samle inn data tett opp mot dagens situasjon, for at data skulle vera representativ for noverande praksis. Det vart samla inn kvantitative data og me nytta deskriptiv statistikk for å beskriva eigenskapar og for å samanfatta data. For kategoriske data vart tal og prosent oppgjeve. Dette omfatta både bakgrunnsvariablar og om pasienten var svelgkartlagt. For numeriske data vart median, kvartil og variasjonsbreidd nytta. Data som vart presentert for personalet vart i tillegg illustrert med histogram (Bjørndal & Hofoss, 2010:41-51, 69-70, ; Moore Jane, Smith Mandy & Barwick Mary, 2011:4-15 ; Polit & Beck, 2012:379-400).

Kjelda for datamateriale var elektroniske pasientjournalar (EPJ). Me samla berre inn naudsynte data for kvalitetsforbetringprosessen (Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011b:61). Sjølv om hovudfokuset var å få informasjon om i kva grad hjerneslagpasientar vart svelgkartlagt, var det også viktig å få kunnskap eventuelle vanskar med å fylle ut svelgkartleggingsskjema. Denne kunnskap kunne me bruka til å skreddarsy implementeringstiltaka. I tillegg til dette, vart data om tid frå innlegging til svelgkartlegging også interessant. Dette var fordi anbefalinga seier at svelgkartlegging skal skje tidleg etter innlegging (Helsedirektoratet, 2010:55). For å kategorisera pasienten som svelgkartlagt, måtte alle aktuelle punkt i kartleggingsskjema vera fylt ut.

Datamaterialet omfatta også bakgrunnsvariablar. Desse vart samla inn for å beskriva materialet, gje grunnlag for å vurdere om audit og re-audit var homogene og for å tilpassa eventuelle implementeringstiltak. Bakgrunnsvariablane omfatta type hjerneslag, alder, kjønn og alvorsgrad av hjerneslaget. Me brukte National Institutes of Health Stroke Scale (Nihss) til å kategorisera alvorsgrad. Nihss er ei nevrologisk undersøking som gjev eit kvantitative mål på kor alvorleg hjerneslaget er (Kasner, 2006:603-4).

3.2.3 Auditverktøy

Me starta med å søka etter eksisterande auditverktøy for svelgkartlegging (de Vet et al., 2011:30,31). Då den norske og australske hjerneslagsretningslinja ikkje hadde inkludert auditverktøy, undersøkte me verktøya brukt i den australske og engelske auditen, omtala i kapittel 2.3. Spørsmål som omhandla svelgkartlegging og spørsmål relatert til bakgrunnsvariablar vart identifisert. Desse spørsmåla, samt svelgkartleggingsskjema i den norske hjerneslagsretningslinja, var utgangspunktet for auditverktøy vårt (Royal College of Physicians, n.d.-a:3,4 ; Helsedirektoratet, 2010:156 ; National Stroke Foundation, 2013:50).

Face-validering og innhaldsvalidering av auditverktøyet vart utført av ei ekspertgruppe på fire sjukepleiarar, alle med erfaring frå svelgkartlegging (de Vet et al., 2011:157 ; Polit & Beck, 2012:336). Valideringa vart utført for å vurdere om verktøyet eigna seg til å samle inn naudsynte data (Polit & Beck, 2012:336). For å undersøke om spørsmåla og utforminga av audit-skjema verka forståelege og fornuftige vart det utført ei face-validering (de Vet et al., 2011:155). Ei innhaldsvalidering vart nytta for å undersøke i kva grad dei enkelte elementa i verktøyet, og verktøyet i sin heilheit, var relevant for dei tema me ville belysa (de Vet et al., 2011:155-58 ; Polit & Beck, 2012:336-7). For å utføra valideringa nytta me innhaldsvalideringsindeks (CVI) både for dei enkelte spørsmåla (I-CVI) og for heile verktøyet (S-CVI) (Polit & Beck, 2006:490-93 ; Polit & Beck, 2012:337). Både gjennomsnittleg einigheit og universell einigheit for heile verktøyet var 1,0. Eit resultat på $> 0,8$ er rekna som akseptabelt (Polit & Beck, 2006:490-493 ; Polit & Beck, 2012:336) (vedlegg VII: Innhaldsvalidering datainnsamlingsverktøy).

Før me starta datainnsamlinga, testa me auditverktøyet i ein pilot. To sjukepleiarar piloterte åtte tilfeldig utvalde journalar. Journalane vart vald ut blant alle aktuelle journalar i tidsrommet januar 2014 til desember 2012. Me brukte randomiseringsprogrammet på nettsida til random.org (<https://www.random.org/>) for å få ei tilfeldig utveljing av journalar. Me undersøkte om auditverktøyet var forståeleg og om det var råd å finne svar på spørsmåla i pasientjournalen (de Vet et al., 2011:57 ; Dixon & Pearce, 2011a:65 ; Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011b ; Polit & Beck, 2012:195). Resultata frå datainnsamlinga av dei åtte journalane vart samanlikna. På den måten fekk me kunnskap om inter-rater reliabilitet, det vil sei i kva grad datainnsamlingsverktøyet gjev like resultat om ulike personar utfører den same datainnsamlinga (de Vet et al., 2011:97 ; Polit & Beck, 2012:318,319,730). Piloten viste at nokre av spørsmåla kunne tolkast ulikt (vedlegg VIII: Pilotering auditverktøy) og på bakgrunn

av pilotinga og valideringa vart det gjort endringar i auditverktøyet. Det vart også laga ein skrifteleg rettleiar for å sikra ei lik utfylling av auditverktøyet (Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011b:65) (vedlegg IX: Auditverktøy, vedlegg X: Rettleiar auditverktøy).

3.2.4 Datainnsamling

Prosjektlear som hadde kunnskap om prosjektet og datainnsamlingsverktøyet samla inn data (Dixon & Pearce, 2011a:26 ; Polit & Beck, 2012:321). Fortløpande notat frå elektronisk pasientjournal vart lese. I tillegg vart svelgkartleggingsskjema, Nihss skjema og ambulansenotat undersøkt. Dette gav grunnlag for utfylling av auditverktøyet. Alle journalane vart kontrollert to gonger. Dette gjorde me for å sikre at informasjonen som var overført til datainnsamlingsskjema var korrekt (Dixon & Pearce, 2011a:34).

Data er avidentifisert ved at pasienten sin identitet vart fjerna og erstatta med eit nummer (Dixon & Pearce, 2011a:26). Informasjon om nummer og identitet (koplingsnøkkel) er lagra på eige område på kvalitetsserveren i helseforetaket. IBM SPSS Sample Size (versjon 22.0) vart nytta som databehandlingsverktøy og data vart lagra på kvalitetsserveren skild frå koplingsnøkkel. Papirversjon av auditskjema vart oppbevart i låst skap på prosjektlear sitt kontor. På denne måten vart pasientdata handsama konfidensielt.

3.3 Trinn 3 – Implementering

Vår hypotese var at slagpasientar ikkje vart kartlagt for dysfagi, noko baselinemålinga vår også viste. I dette kapitlet blir kartlegging av barrierar samt tiltaka i implementeringsplanen beskrive.

3.3.1 Idédugnad og årsaks-verknads analyse

Avgrensa tid og personellressursar blir ofte nemnd som årsaker som hemmar implementering, medan ei positiv haldning hjå leiinga er eit suksesskriterium (Francke et al., 2008:7). I vårt prosjekt var avdelingsleiarar aktive deltakarar, og la til rette for at personalet fekk sett av tid til å delta i denne KBKA. For å skapa engasjement og eigarforhold til prosjektet starta me implementeringsarbeidet med ein idédugnad. Den vart gjennomført som ein del av tilbagemeldinga på praksis. Idédugnaden gav ei brei kartlegging av moglege barrierar til noverande praksis, samt kreative løysingar for å betra praksis (Vege, 2010 ; Graham, Tetroe & Straus, 2013:140). Avdelinga sitt daglege morgonmøte vart nytta til å gjennomføra

idédugnaden. På den måten vart ikkje personalgruppa for stor, og ved å gjenta idédugnaden på fleire morgonmøter nådde me ein stor del av personalet (NHS Institute for Innovation and Improvement, 2008 -d). Før idédugnaden starta, formidla me at fokuset var å få fram mangfald, ikkje å sjå avgrensingar i eigne eller andre sine idear (Grol, Wensing & Eccles, 2005:113). For å ivareta dei som ikkje våga å uttala seg, eller ikkje kunne delta på idédugnaden, vart det sett opp ei lukka forslagskasser.

Årsak - verknad diagram vert også kalla fiskebeinsdiagram. Denne metoden brukte me for å systematisera og kartlegga innspela frå idédugnaden i ulike kjerneområder. Denne oversikta gjorde oss i stand til å prioritera og skreddarsy tiltak retta mot kjerneårsakene, noko som er ein føresetnad for å lukkas med endringsarbeidet. (Grol, Wensing & Eccles, 2005:119 ; NHS Institute for Innovation and Improvement, 2008 -a). Som fiskebeinsdiagrammet viser (figur 7) er hovudområda knytt til personalet sin kunnskap til, og holdning om svelgvanskar og svelgkartlegging. I tillegg fann me barrierar knytt til svelgkartleggingsverktøyet og til organisasjonen.

3.3.2 Søk etter implementeringsforskning

For å få oversikt over ulike typar implementeringstiltak, avgrensa me ikkje søket til spesielle implementeringstiltak. Me søkte etter implementeringsforskning i elektroniske databasar ved å presisera forskingsspørsmålet: «Kva implementeringstiltak får sjukepleiar til å ta i bruk standardisert svelgkartleggingsverktøy for å kartlegga svelgvanskar hjå hjerneslagpasientar i akuttstadiet?». Aktuelle tekstord og emneord tilpassa dei ulike søkemotorane vart systematisert i ein PIO (vedlegg XI:PIO implementering) og me nytta same strategi for dette søket som beskrive i kapittel 2. I tillegg brukte me usystematiske søkemetodar som å undersøke litteraturlister for dette masterstudiet, lese referanseliste og «browse» temasider i The Cochrane Library og nettsider som omhandla implementering og retningslinjer. Denne kombinasjon av ulike søkemetodar fangar opp fleire studie som omhandlar komplekse tiltak i høve organisering, forvalting og implementering, enn berre systematiske søk (Greenhalgh & Peacock, 2005:1, 2).

Me fokuserte på tiltak retta mot sjukepleiarar fordi ulike profesjonar brukar forskingsbasert kunnskap ulikt (Thompson et al., 2007:2). Forsking som omhandlar andre helsefagarbeidarar vart likevel ikkje ekskludert, då me meiner at resultatata kan overførast til sjukepleiargruppa med varsemd. Kartlegging av svelgfunksjon er ei anbefaling i ei nasjonal retningslinje, difor søkte

me også etter generelle implementeringstiltak retta mot retningslinjer. Me ekskluderer studie som omhandla primærhelsetenesta og rehabilitering fordi pasientgruppa vår var hjerneslagpasientar i akuttstadiet. Ved val av studie nytta me prinsippa i 6S modellen, beskrive i kapittel 2.1 (DiCenso, Bayley & Haynes, 2009:99,100).

3.3.3 Tiltak for å endre praksis

Då implementeringsforskinga ikkje gjev eintydig svar på kva tiltak som har best effekt, tilpassa me tiltaka til identifiserte barrierar og vår kontekst. Me valde ein kombinasjon av ulike tiltak med hovudvekt på interaktiv didaktiv opplæring i små homogene grupper (Mansouri Maliheh & Lockyer Jocelyn, 2007:8,12 ; Forsetlund et al., 2009:10,15). I tillegg justerte me kartleggingsverktøyet, lagde påminningar (Fitzgerald et al., 2014:35,38,39) og etablerte eit samarbeid med opinionsleiarar (Boaz et al., 2011:5 ; Flodgren et al., 2011:14 ; Fitzgerald et al., 2014:14) For å systematisera implementeringstiltaka laga me ein handlingsplan der me konkretiserte tiltaka, sette tidsfristar og tydeleggjorde kven som var ansvarleg (Grol, Wensing & Eccles, 2005:208-2018 ; NHS Institute for Innovation and Improvement, 2008 -c) (vedlegg XII: Implementeringsplan).

Fagpersonar knytt til sjukehuset hadde ansvar for både teoretisk og praktisk opplæring. Dette gav ein stor fleksibilitet og opplæringsprogrammet kunne tilpassast den daglege drifta. Me valde å ha fleire korte opplæringsseansar, noko som auka tilpassinga til den daglege drifta ved avdelinga. Då opplæringa skjedde lokalt, kjende deltakarane kvarandre og var trygge i den praktiske opplæringa. Problemstillingane som vart nytta var henta frå avdelinga og difor kunne deltakarane kjenne seg igjen i desse.

Opplæringsprogrammet hadde eit omfang på 3,5 timar, fordelt på tre dagar, over ein periode på ein månad (vedlegg XIII: Opplæringsprogram). Opplæringsprogrammet inneheldt undervisning om eksisterande prosedyre for svelgkartlegging ved sjukehuset, normal svelgfunksjon, svelgvanskar og svelgkartleggingsverktøyet, samt praktiske øvingar og refleksjon over praksis. Undervisninga var bygd opp rundt e-læringskurset Dysfagi (spise-/svelgevansker) utvikla av Akershus-Universitetssykehus og Sunnaas sjukehus HF. Kurset var tilgjengeleg på Akershus-Universitetssykehus sin læringsportal. Det omfattar anatomi og fysiologi i høve svelging, svelgvanskar, svelgkartlegging og tiltak retta mot svelgvanskar. Dette kurset vart gjennomført ved at deltakarane tok bolkar av kurset kvar for seg, for deretter å diskutera desse i plenum. Vidare fekk deltakarane teoretiske innføring i svelgkartleggingsinstrumentet, samt praktisk

opplæring i svelgkartlegging. Den praktiske øvinga vart knytt opp mot tema i e-læringskurset. Siste delen av kurset hadde fokus på tiltak ved svelgvanskar. Denne delen ligg på sidelinja av målsetjinga for denne KBKA'en, men vart etterspurt av klinikanane og difor inkludert i opplæringa. Stor deltaking på undervisninga er forbunde med større endring av helsepersonell sin praksis (Forsetlund et al., 2009:10), difor vart opplæringa lagt til rette slik at den aktuelle personalgruppa kunne delta.

Det vart etablert eit samarbeid med sjukepleiarar som hadde kunnskap om svelgkartlegging og som var i posisjon til å påverke implementeringsarbeidet i avdelinga (Boaz et al., 2011:5 ; Flodgren et al., 2011:14 ; Fitzgerald et al., 2014:14). Desse opinionsleiarane gav fagleg støtte til sjukepleiarar med mindre erfaring. Dei bidrog også til å «halde prosjektet varmt» ved å snakka om svelgkartlegging og å sjekke om pasientar var svelgkartlagt.

Utforminga av svelgkartleggingsskjema vart endra slik at det vart enklare å forstå og å bruke (Registered Nurses' Association of Ontario, 2012:63 ; Fitzgerald et al., 2014:39).

Svelgkartleggingsskjemaet som hadde vore i bruk i avdelinga frå 2011, hadde ikkje felt for klokkeslett for utføring av svelgtesten eller for anbefaling av tiltak. Dette vart lagt til i den nye versjonen. Metoden for svelgkartlegging vart ikkje endra, og var difor den same som i den norske hjerneslagsretningslinja. Det vart trykt opp ekstra svelgkartleggingsskjema slik at desse alltid var tilgjengeleg i avdelinga. I tillegg starta me arbeidet med å laga ein elektronisk versjon av svelgkartleggingsskjema for EPJ.

Det vart også laga skilt som viste kva pasientar som ikkje kunne få mat og drikke. Desse vart plassert på nattbordet til hjerneslagpasientar som ikkje vart svelgkartlagt ved innlegginga, og hjå dei som hadde omfattande svelgvanskar. Matlista som vart brukt ved matsivering fekk kolonne for svelgfunksjon og anbefaling, og oversiktlista over pasientar ved avdelinga fekk kolonne for svelgkartlegging og svelgfunksjon (Fitzgerald et al., 2014:35).

3.4 Trinn 4 – Oppretthalde endring

Prosjekt som har som målsetjing om å endre helsepersonell si åtferd, må innehalde planar for overvaking og evaluering av endringa. I tillegg må det føreliggje planar for å oppretthalde og forsterka eventuelle endringar. Eit kvalitetsforbetningsprosjekt ved bruk av KBKA er ikkje komplett, om ikkje re-målingar er gjennomført og eventuelle nye tiltak vert sett i verk (Stephen, Tracy & Louise, 2011:95).

Etter at implementeringstiltaka var gjennomført, starta me datainnsamlinga til re-audit. Me samla inn prospektive data fortløpande (Polit & Beck, 2012:278) frå alle hjerneslagpasientar i perioden mai til oktober 2014 (n=51). Både metode for datainnsamling og datatype var dei same som ved baselinemålinga (Stephen, Tracy & Louise, 2011:97). Det vart gjeve tilbakemelding frå datainnsamlinga tre gonger i løpet av denne perioden. Me nytta den same møteplassen som ved tilbakemeldinga frå baselinemålinga. Tilbakemeldinga gav rom for refleksjon over praksis og til å stille spørsmål. Me diskuterte mellom anna kvifor ikkje alle hjerneslagpasientane vart kartlagt. Hyppige tilbakemelding gjev moglegheit for å korrigere tiltaka undervegs, og er viktig for å oppnå og oppretthalde endring (Flottorp et al., 2010:24 ; Stephen, Tracy & Louise, 2011:94 ; Ivers et al., 2014:1538).

IBM SPSS Sample Size (versjon 22.0) vart nytta for å analysa datamaterialet. Det vart nytta same metode for å beskriva bakgrunnsvariablar i re-audit som i baselinemålinga (Stephen, Tracy & Louise, 2011:99). For å teste om bakgrunnsvariablane i baseline og re-audit var homogene, nytta med Pearson kji-kvadrat test for kategoriske data og Mann-Whitney U test for kontinuerlege data. For å undersøke forskjell i svelgkartlegging mellom baseline og re-audit nytta med Pearson kji-kvadrat test. Signifikansnivå var sett til 5 % ($p=0.05$). Resultat vart oppgjeve med 95 % konfidensintervall (KI). Me nytta dataprogramvarar R (<http://www.r-project.org/>) for å berekna 95 % (KI) for differansen mellom baseline og re-audit.

Då dette er eit masteroppgåve, som skulle gjennomførast innan eit avgrensa tidsrom, var det ikkje høve til å fylgje opp eventuelle avvik frå praksis utover ei måling. Avdelinga vurderte sjølv å gjera ein re-audit etter 6 månader, for å måla om praksis er i samsvar med anbefaling eller om det er trong for ytterlegare tiltak.

4. Resultat

I dette kapitlet blir baselinemålinga i høve svelgkartlegging presenter. Dokumentasjon av tid for svelgkartlegging, samt tidsrom frå innlegging til svelgkartlegging blir også presentert. Dette gjeld både baseline og re-audit målingane samt differansen mellom målingane. I tillegg presenterer eg resultatata frå kartlegging av interessentar og barrierar.

Svelgkartlegging

Utgangspunktet for baselinemålinga var 90 hjerneslagpasientar. Ved gjennomgang av EPJ vart to pasientar ekskludert. Dette var fordi desse pasientane vart overført til eit anna sjukehus innan få timar. Blant dei 88 inkluderte pasientane i baselinemålinga hadde 6 % dokumentert bruk av svelgkartleggingsskjema, 94 % hadde ikkje dokumentert svelgkartlegging eller hadde eit ufullstendig utfylt svelgkartleggingsskjema i EPJ. Kartlegging av tidspunkt for svelgkartlegging var dokumentert i 7 % av pasientjournalane i baseline målinga. Andelen auka til 76 % i re-audit ($p<0,001$). Median for tid frå innlegging til svelgkartlegging var redusert med nesten fira timar ($p=0,024$), frå baseline målinga til re-audit, respektive 6.1 og 2.3 time.

Interessentar

Som omtala i kapittel 3.1.2 vart interessentane identifisert og deira holdningar til prosjektet kartlagt. Denne kartlegginga viste at prosjektet hadde mange interessentar. Ikkje alle interessentane vart påverka av prosjektet, eller kunne påverke gjennomføringa av prosjektet i like stor grad (figur 6). Styrkeanalysen viste at prosjektet hadde stor støtte i leiinga og hjå




Raud farge indikerer negativ haldning til prosjektet, grøn farge positiv haldning medan, blank indikerer nøytral haldning til prosjektet.

Figur 6. Kartlegging av Interessentar

personale i slageininga. Legegruppa som var representert ved medisinsk avdelingsoverlege var nøytral til prosjektet, men bidrog på oppmoding. Me fann negative haldningar til prosjektet blant personalet som sjeldnare behandla slagpasientar og som ikkje, eller sjeldan var direkte involvert i svelgkartlegging.

Barrierar

Gjennom idédugnadane kom det inn over 70 forslag til kvifor hjerneslagpasientar ikkje vart svelgkartlagt, samt tiltak for å betra praksis. Prosjektleiari organiserte innspela frå idédugnadsmøta og «forslagskassa» i eit fiskebeinsdiagram med tre hovudbein (figur 7). Desse



Figur 7. Fiskebeinsdiagram /årsak-verknadsdiagram

tre hovudbeina var knytt til personalet, svelgkartleggingsverktøyet og organisasjonen. Områda personale og organisasjon skilde seg ut med flest årsaker. Personalet uttrykte mangel på kunnskap om, og trening i å utføre svelgkartlegging. I idédugnaden kom det også fram haldningar om at svelgkartlegging ikkje er viktig, samanlikna med andre oppgåver og at klinisk skjønn kan erstatte svelgkartlegging ved hjelp av standardisert svelgkartleggingsverktøy. Fleire

uttrykte også at det var lett å gløyma å svelgkartlegga pasientane, samt å sjekke om pasientane var kartlagt før dei serverte mat og drikke. Utforminga av svelgkartleggingsinstrumentet vart opplevd som uoversiktleg og fleire sakna ein elektronisk versjon av skjemaet i EPJ. Måten sjukehuset organiserer slagbehandlinga på, utydelege prosedyrar, samt fordeling av oppgåver og ressursar mellom avdelingar vart også nemnd som barrierar.

5. Drøfting

Dette kvalitetsforbetringsarbeidet vart gjennomført for å undersøke om svelgkartlegging av hjerneslagpasientar var i samsvar med kunnskapsbasert anbefaling, og for å undersøke i kva grad KBKA kan redusere gap mellom praksis og anbefaling. I drøftingsdelen blir styrker og svakheiter ved metoden for kvalitetsforbetringsprosjektet belyst. I tillegg blir funna i høve kartlegging av barrierar, samt tiltak for å overkoma desse, drøfta og sett opp mot tidlegare forskning. Endring av praksis i høve dokumentasjon av tidspunkt for svelgkartlegging, samt tid frå innlegging til svelgkartegging, vert også drøfta i kapp. Når det gjeld endring av praksis i høve svelgkartlegging vert dette ikkje drøfta i kapp, då dette er hovudfokuset i artikkelen.

Hovudfunn

I baselinemålinga var det berre 6 % av pasientane som hadde dokumentert ei komplett svelgkartlegging i elektronisk pasientjournal. Tid frå innlegging til svelgkartlegging var dokumentert i 7 % av baselinemålingane, og 76 % i re-audit. Median tid frå innlegging til svelgkartlegging var respektive 6,1 og 2,3 timar.

Gjennom kartlegging av interessentar og styrkeanalysen kom det fram at den delen av personalet som hadde minst kontakt med slagpasientar hadde størst motstand til kvalitetsforbetringsprosjektet, medan leiargruppa var positive til prosjektet. Kartlegging av barrierar for implementering av svelgkartlegging viste at desse var knytt til personalet sitt kunnskapsnivå og deira haldningar til svelgkartlegging. Barrierar var også knytt til organisasjonen og til sjølve svelgkartleggingsverktøyet.

5.1 Drøfting av metode

Vårt kvalitetsforbetringsprosjekt tok utgangspunkt i at kvalitet på helsetenester oppstår i møte mellom fagperson og pasient. Difor er det der forbetringsarbeid må utformast og settast i verk.

Nivået på kvalitet i ein organisasjon er summen av kvaliteten i desse enkelte møta (Helse- og omsorgsdepartementet, 2012:80 ; Den Norske Legeforening). Tiltaka i dette kvalitetsforbetringsprosjektet er difor utvikla i samarbeid med personalet som arbeider med hjerneslagpasientar, og retta mot barrierane som personalet identifiserte. KBKA er ein metode som systematisk kartlegg helsepersonell sin praksis og samanliknar resultatet opp mot kunnskapsbaserte anbefalingar. Metoden fokuserer på iverksetting og evaluering av kvalitetsforbetringstiltak retta mot pasientbehandling. Sjølv om det er vanskeleg å oppnå store endringar i helsepersonell sin praksis (Wensing, Bosch & Grol, 2010:E85) kan ein liten til moderat endringa ha betydning for pasientane (Ivers et al., 2014:1537). Ein systematisk oversiktsartikkel av Ivers et al., (2014) viser at audit og feedback har effekt på helsepersonell sin praksis. Effekten kan optimaliserast om tilbakemelding frå praksis vert presentert av ein overordna eller respektert kollega, og om denne tilbakemeldinga vert repetert. Effekten aukar også om behovet for forbetring er stort, når mål og handlingsplanar blir tydleg presenterte og dersom målgruppa ikkje er legar (Ivers et al., 2014:1538). KBKA er ein eigna metode for dette kvalitetsforbetringsprosjektet fordi metoden passar til vår problemstilling slik den er beskive i kapittel 2.1 og i kvalitets og konsekvensanalysen i kapittel 3.1.1 og fordi audit og feedback har eit potensiale til å endra praksis.

5.1.1 Struktur, resultat og prosessmål

For å vurdera kvaliteten på helsetenesta, kan ein gjera målingar innan struktur, resultat eller prosess (Donabedian, 2005:713). Struktur er ikkje direkte knytt til pasientbehandlinga, men er rammene eller vilkåra for å gje gode helsetenester. Desse rammene eller vilkåra kan gje kunnskap om kva moglegheiter organisasjonen har til å gje gode helsetenester. Gode rammer eller vilkår er viktig for god kvalitet, men gjev ingen garanti for at kvaliteten på tenestene er gode (Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011a:35). Då sjukehuset har etablert slageining med standardiserte prosedyrar for behandling og har eit spesialopplært personalet, ligg det til rette for at slagpasientar skal få behandling i samsvar med nasjonal slagretningslinje. Difor meiner me at strukturen er ivaretatt og ikkje aktuelt som kriterium for dette kvalitetsforbetringsprosjektet.

Sjølv om resultatet av behandlinga er eit vanleg og lite omdiskutert kvalitetsmål, er ikkje denne indikatoren relevant og eigna som mål i alle settingar (Donabedian, 2005:693).

Resultatindikatorar krev ofte eit større materiale og tilfeldig utveljing av utvalet (Purvis et al., 2009:79). I tillegg kan resultata vera krevjande å tolke då det kan vera alternative årsaker til

opnådd resultat (Mant, 2001:477). Då det er få innlagde slagpasientar ved sjukehuset og prosjektet hadde ei tidsramme på omlag eit år, vart datagrunnlaget vurdert til å vera for lite til å inkludera resultatmål i denne KBKA'en.

Prosess er ei annan tilnærming til kvalitetsmål. Prosessmål er meir sensitive for endringar og data kan samlast inn over ein kortare periode (Mant, 2001:477 ; Purvis et al., 2009:79). Me fokuserte på gjennomføring av svelgkartlegging, ikkje resultatet av kartlegginga. Tiltaka for å betra praksis vart difor retta mot avviket mellom praksis og prosessmål (Mant, 2001). Då masterstudiet har avgrensa tid og prosjektet skulle gjennomførast innan ordinær drift, vart prosessmål vald for vårt kvalitetsforbetringsarbeid. Dette gav oss høve til å kartlegga praksis, gjennomføra tiltak og gjera ei re-kartlegging innan eksisterande rammer.

Mange ulike prosessindikatorar blir nytta innan hjerneslagbehandling. Kartlegging av svelgfunksjon er ein hyppig brukt indikator (Purvis et al., 2009:74 ; Sauser et al., 2014:241). Døme på bruk av denne prosessindikatoren er National Institute for Health and Care Excellence (NICE) som brukar prosessindikatoren svelgkartlegging som ein standard for kvalitet i hjerneslagbehandlinga (NICE - National Institute for Health and Care Excellence, 2010). Vidare nyttar både den australske og den engelske audit'en svelgkartlegging som prosessindikator (Royal College of Physicians, n.d.-a ; National Stroke Foundation, 2013:24). I Noreg er svelgkartlegging tilrådd som eit tiltak i den norske hjerneslagsretningslinja (Helsedirektoratet, 2010:54,55) I tillegg er svelgkartlegging ein del av innsatsområda i pasientsikkerheitsprogrammet (Helsedirektoratet, 2015). Innsatsområda og tiltaka i pasientsikkerheitsprogrammet skal inkluderast som ein del av den ordinære drifta til sjukehusa (Det kongelige Helse- og omsorgsdepartementet, 2014:8).

Rasjonale for å bruka prosess som kvalitetsmål, er at det er samanheng mellom prosess og resultat (Mant, 2001:477-8 ; Donabedian, 2005:694). Ein systematisk oversiktsartikkel av Luker et al. (2010) kartla prosessindikatorar relatert til behandling av hjerneslagpasientar med svelgvanskar. Svelgkartlegging vart brukt som prosessindikator i 21 av 25 inkluderte studie. Luker et al. (2010) konkluderte med at svelgkartlegging utført av personalet med rett kompetanse, er ein viktig indikator på god kvalitet (Luker et al., 2010:468.72). Studie har vist at svelgkartlegging aukar talet på pasientar identifisert med svelgvanskar (Westergren, 2006:148) og reduserer talet på pasientar som får lungebetennelse (Hinchey et al., 2005:1975 ; Titsworth et al., 2013:3158). Som fylgje av dette, blir talet på pasientar som dør redusert, då lungebetennelse er forbunde med ein auka risiko for død (Katzan et al., 2003:623).

Svelgvanskar er i tillegg forbunde med lengre liggetid samanlikna med slagpasientar utan svelgvanskar (Sausser et al., 2014:241). Fordi svelgkartlegging kan påverka utfallet hjå hjerneslagpasientar med svelgvanskar, valde me svelgkartlegging som prosesskriterium. Me meiner difor at prosesskriteriet i denne KBKA'en, som er «Alle hjerneslagpasientar (100 %) med ICD10 diagnosane I61, I63, I64 og G45,9² skal svelgkartleggast, ved hjelp av standardisert kartleggingsundersøking tilrådd av Helsedirektoratet», er eit viktig kvalitetsmål på helsetenesta til hjerneslagpasientar.

5.1.2 Svelgkartleggingsinstrument

Svelgkartlegging kan påverkar utfall hjå hjerneslagpasientar, men dette er under føresetnad av at svelgkartleggingsverktøyet er valid. Det vil sei at det har evne til skilje ut kven av hjerneslagpasientane som har svelgvanskar og kven som ikkje har det. Det finst fleire validerte svelgkartleggingsverktøy, men det er ikkje konsensus om kva verktøy som er det beste (Donovan et al., 2013:e29). Vårt sjukehus brukar norsk hjerneslagretningslinje som kunnskapsgrunnlag for behandling av hjerneslagpasientar. Difor har me brukt svelgkartleggingsverktøyet tilrådd i denne retningslinja. Kunnskapsgrunnlaget for dette verktøyet er konsensusbasert i Helse Sør-Øst. Sjølv om kartleggingsverktøyet ikkje er validert, slik som Donovan et al. (2013:e29) anbefaler, er dei ulike elementa i det norske svelgkartleggingsverktøyet brukt i andre validerte svelgkartleggingsverktøy. Då svelgvanskar omfattar prosessen frå maten kjem inn i munnen til den er svelgd, må svelgkartlegginga også omfatta dei same prosessane (Martino et al., 2005:2757). Svelgkartleggingsinstrumentet anbefalt i norsk hjerneslagsretningslinje omfattar dei ulike elementa i heile svelgprosessen. Ein svelgtest som gjer det, vil truleg ha ein høg sensitivitet og spesifisitet (Daniels, Anderson & Willson, 2012:896). I tillegg til å bruka ein svelgtest som fangar opp svelgvanskar, er god opplæring av personalet som skal bruka testen essensielt for at resultatet skal blir reliabelt (Martino, Pron & Diamant, 2000:20 ; Martino et al., 2005:257 ; Luker et al., 2010:471)

Svelgkartleggingsinstrumentet Standardized Swallowing Assessment (SSA) inneheld om lag dei same elementa som verktøyet i den norske hjerneslagsretningslinja. Det vil sei ein førebuande del der pasienten sin bevisstheit og bol- /hovudkontroll blir vurdert. Paresar i ansikt og munn og pasienten sin evne til å beskytta luftvegane vert også vurdert, samt pasienten sin

² I61-hjerneblødning, I63-hjerneinfarkt, I64-uspesifisert hjerneslag og G45,9 – TIA.

evne til å svelgja vatn (Helsedirektoratet, 2010:156 ; Perry, 2001:480-1). SSA utført av spesialopplærte sjukepleiarar har ein sensitivitet på 0,97 og ein spesifisitet på 0,9 for å fange opp svelgvanskar samanlikna med ei omfattande klinisk vurdering (Perry, 2000:468). Svelgtesten i norsk hjerneslagsretningslinje og SSA ikkje er identiske. Difor kan me ikkje trekka sikre slutningar om at det norske svelgtesten kan identifisera pasientar med svelgvanskar på same vis som SSA. Men på grunn av dei ulike elementa som inngår i det norske svelgkartleggingsverktøyet, meiner me at verktøyet har potensiale til å fanga opp svelgvanskar hjå hjerneslagpasientar, og difor kan svelgkartlegging nyttast som prosessmål i vårt kvalitetsforbetringsprosjekt.

5.1.3 Datamateriale

For å vurdera i kva grad det er samsvar mellom kartlegging av svelgfunksjon hjå hjerneslagpasientar og kunnskapsbasert anbefaling, må innsamla data vera relevante og valide. Det er difor viktig med tydelege inklusjons- og eksklusjonskriterium. Eksklusjonskriteriet i denne KBKA var hjerneslagpasientar med kjente svelgvanskar, identifisert med ernæringssonde. Ingen av dei identifiserte pasientane kom inn under dette eksklusjonskriteriet. Baselinemålinga viste derimot at to hjerneslagpasientar vart overført til anna sjukehus kort tid etter innlegging. På grunn av pasientane sin tilstand, vart ikkje desse svelgkartlagt før overføringa. For å unngå at desse pasientane vart registrert som «ikkje svelgkartlagt», vart dei ekskludert frå studien (Dixon & Pearce, 2011a:6-8). Endring av inklusjonskriteria undervegs i studien kan føra til seleksjonsbias. Men risikoen for dette er liten då det berre var ein person som samla data i dette prosjektet.

Me identifiserte hjerneslagpasientar ved å søke etter aktuelle diagnosekodar for hjerneslag i EPJ. Dette er ein rask og sikker metode for å identifisera aktuelle pasientar. Feilkoding i EPJ vil føra til feil inkludering (Dixon & Pearce, 2011a:7), noko som også vil skje ved manuell identifisering av hjerneslagpasientar. Me meiner likevel at risikoen for dette er liten, då koding av pasientar i stor grad blir kontrollert ved utskriving. Tia er ikkje inkludert i kapittelet om hjernekarssjukdomar i ICD-10 kodeverket. Tia er definert som ein sjukdom med forbigåande utfall etter kortvarig reduksjon i blodtilførsel til hjernen (World Health Organization, 2015). Me valde likevel å inkludere denne diagnosen i vår KBKA då desse pasientane kan ha utfall i 24 timar. Dette betyr at pasientar kan ha svelgvanskar dei fyrste 24 timane etter sjukdomsdebut, og bør difor få same oppfølging som hjerneslagpasientane (Helsedirektoratet, 2010:23,40).

Ved analyse av data er ofte enkle statistiske metodar tilstrekkelege og difor å føretrekke. Dette er fordi KBKA ofte er lokale kvalitetsforbetringsprosjekt som vanlegvis ikkje har til hensikt å trekke slutningar frå utvalet til populasjonen. Det er difor viktig at involverte klinikarar både kan forstå og kan nytta resultatane i kvalitetsforbetringsarbeidet. Enkle målemetodar som tal og prosent er ofte tilstrekkeleg og resultatane bør presenterast på forstålege måte, gjerne i tabellar, figurar eller diagram (Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011b:73-77). Sjølv om KBKA er ein kvalitetsforbetringsmetode og ikkje forskning, ynskte me å ha moglegheit til å trekka slutningar frå utvalet vårt til andre slagpasientar (Polit & Beck, 2012:288). Dette var viktig for vårt vidare kvalitetsforbetringsarbeid for hjerneslagpasientar, og me nytta difor metodar for statistisk inferens i denne studien. I tillegg vart resultatane frå kartlegginga gjort tilgjengeleg for personalet med tal og prosent og illustrert ved hjelp av histogram.

Storleik på utvalet er ofte eit kompromiss mellom statistisk validitet og pragmatiske omsyn. Det er viktig at utvalet er stort nok til å vera representativt for populasjonen og for å redusera faren for utvalsfeil (Polit & Beck, 2012:284). For å redusera faren for å trekka ein falsk positiv konklusjon ved analyse av differansen mellom baselinemålinga og re-audit, gjorde me ein styrkeanalyse. Signifikantnivå vart sett til 5 % med ein styrke på 80 %. Me estimerte ein effektauke på 25 %, frå 10 % til 35 % (Polit & Beck, 2012:422,423). Styrkeanalysen viste då at utvalsstørrelsen måtte vera minimum 115 pasientar, 80 ved baseline og 35 ved re-audit. For å styrke resultatane auka me datagrunnlaget til 88 pasientar i baselinemålinga og 51 pasientar i re-audit, noko som er ein styrke for denne studien.

Me valde å setja standard til 100% for vårt kriterium. Då det er vanskeleg å oppnå store endringar i helsepersonell sin praksis (Ivers et al., 2014), ser me at standar kan bli vanskeleg å oppnå. Me valde likevel å setje standarden til 100 % fordi svelgvanskar er ein alvorleg tilstand og fordi svelgkartlegging er ein enkel undersøking som er lite belastande for pasienten. I tillegg er den kunnskapsbaserte anbefalinga at alle hjerneslagpasientar skal svelgkartleggast før dei får mat og drikke.

Randomisering, eller tilfeldig utveljing av pasientar, gjev eit større sannsyn for at utvalet er representativt for populasjonen og reduserer faren for utvalsskeivheit. Denne metoden for utveljing krev ein stor populasjon. For oss ville difor ei slik utveljing tatt for lang tid, då sjukehuset berre har om lag 90 slagpasientar innlagt årleg. Me valde difor å samla inn data frå alle hjerneslagpasientar, fortløpande frå eit fastsett tidspunkt til me nådde utvalsstørrelsen. Denne metoden reduserer i stor grad risiko for utvalsskeivheit, spesielt om perioden er lang nok

til å redusere sesongrelaterte skeivheiter. I vår KBKA omfatta perioden for re-audit sommaren, eit tidsrom med avvikande drift. Ferieavvikling kan difor påverka resultatet av re-audit, då det er færre fast tilsette på arbeid i denne perioden (Polit & Beck, 2012:273-80). I den grad ferieavviklinga har påverka resultatet er det truleg i negativ retning. Eit anna tidrom for datainnsamling kunne difor ha ført til eit betre resultat for denne KBKA'en. Me meiner likevel at sommaren kan inngå i kartleggingsperioden då hjerneslag ikkje er ein elektiv pasientgruppe og insidens av hjerneslag ikkje er sesongrelatert. I tillegg meiner me at sesongvariasjonar i drifta ikkje bør påverka kvaliteten på tenestene.

Data om svelgkartlegging vart brukt for å vurdere om praksis var samanfallande med kriteret, medan bakgrunnsvariablane vart brukt for å beskriva data og for å vurdere om baseline og re-audit var homogene. Studie har vist at det er ein korrelasjon mellom bakgrunnsvariablane alder, kjønn og Nihss skår og omfang av svelgvanskar og lungebetennelse (Mann & Hankey, 2001:213 ; Masrur et al., 2001:6 ; Hinchey et al., 2005:1975). Difor er informasjon om desse bakgrunnsvariablane viktig ved tolking av resultatet. Me valde i tillegg å samla inn data om korleis svelgkartleggingsskjema vart utfyllt. Denne informasjonen brukte me for å skreddarsy implementeringstiltaka (Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011b:61,62).

For å kunne vurdere om praksis er i samsvar med kriterium må naudsynte data vera tilgjengelege (Dixon & Pearce, 2011a:3). Informasjon om tidspunkt for svelgkartlegging vart ikkje etterspurd i det opphavlege svelgkartleggingsverktøyet. Me var difor usikre på om denne informasjonen var tilgjengeleg i pasientjournalen. Me valde difor å ikkje inkludere dette i vårt kriterium. Men for å undersøka om våre implementeringstiltak kunne påverka omfang av dokumentasjon av tidspunkt for svelgkartlegging, samt for å få informasjon om tid frå innlegging til svelgkartlegging, valde me likevel å inkludere desse spørsmåla i auditverktøyet.

Berre eit fullstendig utfyllt svelgkartleggingsskjema var grunnlaget for å registrera pasientar som svelgkartlagt. Dette valde me då svelgkartleggingsskjema er satt saman av ulike element som til saman kan fanga opp kven som har svelgvanskar, det er difor viktig at pasienten blir vurdert i høve alle elementa i skjema. Ein annan grunn er at prosedyren for svelgkartlegging ved vårt sjukehus inkluderer bruk av svelgkartleggingsinstrumentet anbefalt i norsk hjerneslagretningslinje. Denne prosedyren vart innført som standard metode i 2011. Svelgkartleggingsskjema inneheld relevante data til datainnsamlinga vår. Ved å bruka svelgkartleggingsskjema som kjelde for datainnsamlinga var mykje av data samla på ein stad. Dette reduserte faren for å oversjå data. Risiko for å feiltolke data vart også redusert, då kriteria

for å registrere pasienten som svelgkartlagt ikkje gav rom for tolking (Dixon & Pearce, 2011a:19-22).

For å måla i kva grad hjerneslagpasientar sin svelgfunksjon vart kartlagt, var det viktig at data var til å stole på. Difor vart auditverktøyet vårt validert (Polit & Beck, 2012:336) og det vart laga ein rettleiar for datainnsamlingsverktøyet (Ashmore, Ruthven & Hazelwood, 2011b:65 ; Dixon & Pearce, 2011a:28). Innsamla data vart i tillegg kontrollert opp mot EPJ to gonger, noko som reduserer risikoen for feilregistrering (ibid:34). På bakgrunn av dette meiner me at våre data er både valide og reliable.

5.2 Drøfting av funn

Forskning viser at det er vanskeleg å oppnå endring i helsepersonell sin praksis (Wensing, Bosch & Grol, 2010:E85 ; Ivers et al., 2014:1537). I tillegg til at det ikkje kunnskap om kva implementeringstiltak som har best effekt (Baker et al., 2010:13), må ressursbruk vurderast opp mot nytteverdi ved val av implementeringstiltak.

For å redusere tidsrommet som pasientar ikkje kan eta, drikka eller ta medisinar gjennom munnen, er det viktig at kartlegging skjer raskt etter innlegging. Difor er det anbefalt at svelgkartlegging skal skje tidleg etter innlegging og før pasienten får mat og drikke (Helsedirektoratet, 2010:55 ; National Stroke Foundation, 2010:82 ; UpToDate, 2015a). Tid frå innlegging til svelgkartlegging er difor eit viktig mål på kvalitet. Baselinemålinga i denne KBKA'en viste at det var mangelfull sjukepleiedokumentasjon på dette området. Berre 7 % av pasientane hadde dokumentert tidspunkt for svelgkartlegging i elektronisk pasientjournal. Mangelfull sjukepleiedokumentasjon er ikkje uvanleg i fylgje resultata frå Wang, Hailey and Yu (2011) sin systematiske oversikt. Dei fann mellom anna inkonsistens når det gjeld bruk av terminologi og tidspunkt for dokumentasjonen. Dei fann også at tiltak retta mot struktur og prosess kan betra sjukepleiedokumentasjonen i høve signering, datering, bruk av forkortingar og symbol (Wang, Hailey & Yu, 2011:1869). Svelgkartleggingsskjema som var i bruk ved baseline målinga i denne KBKA'en etterspurde ikkje tidspunkt for svelgkartlegging. Dette kan ha vore ein medverkande årsak til at så få journalar hadde dokumentert tidspunkt for svelgkartlegging. For å auka omfanget av denne dokumentasjonen, fokuserte me på kvifor det var viktig at pasientar vart kartlagt så snart som råd etter innlegging, og at denne informasjonen måtte dokumenterast. I tillegg vart informasjon om dato og klokkeslett inkludert i det nye kartleggingsskjema. Kartlegginga frå re-audit viste at omfanget av dokumentasjonen auka frå

7 % til 76 % (KI 55-84) $p < 0,001$, og median tid frå innlegging til svelgkartlegging var redusert frå 6,1 time til 2,3 time (KI 0.5-14.8) $p = 0,024$. Dette vil sei at tidsrommet hjerneslagpasientane var utan mat og drikke i re-audit samanlikna med baselinemålinga vart redusert med nesten fire timar. Til samanlikning, viser den nasjonale engelske audit at median tid til svelgkartlegging er 1,7 time (Royal College of Physicians, 2014).

